

INNHALD

LEIAR

Botolv Helleland: Eit særnummer av <i>Nytt om namn</i>	3
--	---

NORSK NAMNELAG

Anne Svanevik: Styremøte i Norsk namnelag	4
Innkalling til landsmøte i Norsk namnelag	5

MØTE OG KONFERANSAR

Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking	5
Kaisa Rautio Helander: Stedsnavn og identiteter i flerspråklige kontekster	6

RAPPORT FRÅ KONFERANSE

Botolv Helleland: Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv	6
Staffan Nyström: Memorialnamngivning – muligheter och problem	7
Bente Holmberg: Danske kommunenavne i nutid og fremtid	11
Margit Harsson: Stadnamn i grenseland – om namn på <i>stikle</i>	16
Nils Jørgen Gaasvik: Danske restar i norske stadnamn	21
Marit Breie Henriksen: Tanker om en database for samiske stedsnavn	26
Sirkka Paikkala: Debatt om stavningen av utländska namn i finskan på 1800-talet	31
Hans Ringstam: Informationsskrift om FN:s arbete med ortnamn	34
Vigleik Leira: Geografiske navn i diverse språk	39
Johnny Andersen: Prosjektet EuroGeoNames	44

NAMNEKONSULENTTENESTA

Nils Jørgen Gaasvik og Kjersti Bruvoll: Samrådsmøtet 2005	46
---	----

NORNA

Bent Jørgensen: Nordiske navnes centralitet og regionalitet	50
Lars-Erik Edlund: Namn i flerspråkiga och mångkulturella miljöer	51

ICOS-NYTT

Frå Paris til Pisa til Toronto	51
Nytt styre i ICOS	52

FN-NYTT

Teemu Leskinen: Minutes of the Unites Nations Group of Experts on Geographical Names (UNGEGN). Norden Division meeting in Hønefoss and Oslo, Norway, 20 and 22 October 2005	52
Carl Chr. Olsen: Place-names care and standardization in Greenland ...	56
UNGEGN-møte i Wien 28. mars – 4. april 2006	59

UNDERVISNING

Benedicta Windt: Utvalget «Navn i skolen»	60
---	----

ANNA MELDINGSSTOFF

Ole-Jørgen Johannessen og Tom Schmidt: NFR-prosjektet «Etablering av en digital nasjonal database for stedsnavn»	61
Botolv Helleland: Det amerikanske namnelaget.....	63
Botolv Helleland: Himmelen baklengs	64
Botolv Helleland: Om å lova bort gatenamn	65
Thorsten Andersson: Lennart Moberg (1914–2005)	66

BOKOMTALAR

Ivar Aars: Nøvn austa åsen	68
Botolv Helleland: Tysk lærebok for namnestudiet	70
Margit Harsson: Handbok for moderne pilegrimar	72
Ferjan Ormeling: Stadnamn på Svalbard	73

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

Klaus Johan Myrvoll: Norsk namnebibliografi 2004	76
--	----

LEIAR

EIT SÆRNUMMER AV *NYTT OM NAMN*

Dette nummeret av *Nytt om namn* har vorte noko større enn normalt. Det kjem av at året 2005 ikkje har vore eit heilt vanleg år. Fyrst og fremst har det vore merkt ved ei rad arrangement i samband med hundreårsmarkeringa av unionsoppløysinga. Innanfor namnegranskinga har det vore to tilskipingar, fyrst eit norsk-svensk seminar på Skammestein i Valdres 27.–30. mai om framtida for namnegranskinga (sjå omtale i *Nytt om namn* 41), så eit dobbelarrangement på Hønefoss og i Oslo 20.–22. oktober. Den eine delen av dette arrangementet var ein konferanse med tittelen «Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv» som vart halden ved Universitetet i Oslo den 21. oktober. Den andre delen var eit møte i Den nordiske divisjonen av UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names) som strekte seg over to dagar, den 20. oktober på Statens kartverk på Hønefoss, og den 22. oktober på Universitetet i Oslo. Mange av dei ikring 40 deltakarane var med alle tre dagane. For å visa si interesse for stadnamn i nordisk og internasjonal samanheng inviterte Oslo kommune til ei mottaking i Rådhuset om kvelden 20. oktober. Det sosiale vart vidare styrkt gjennom ei grautsamkome på Sofies plass kvelden etter.

Det er såleis fyldige referat frå konferansen og møtet i Den nordiske divisjonen av UNGEGN som er med på å auka sidetalet i dette nummeret. Det vanlege har vore at det har vore gjeve ut særskilde rapportar frå konferansane, men ein grunn til at det ikkje er gjort denne gongen, har med utgjevingspolitikken åt Universitetet å gjera, nemleg at ein ikkje lenger får støtte til å gje ut eigne publikasjonar. Ein annan grunn er at tre av føredraga på konferansen vert prenta i full lengd i *Namn og Nemne*. I dette nummeret av *Nytt om namn* finn ein difor noko forkorta versjonar av føredraga på konferansen, og ein finn eit fyldig referat frå møtet i Den nordiske divisjonen. Lesarane vil vidare merkja seg at dette referatet er på engelsk. Det gjeld òg eit innlegg som Carl Chr. Olsen har skrive om arbeidet med stadnamnormering på Grønland. I tilknytning til FN-arbeidet er det ikkje utnaturleg at engelsk vert nytta, men *Nytt om namn* vil likevel halda seg til norsk mål i det meste av det som vert referert, òg frå den internasjonale arenaen.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

NORSK NAMNELAG

STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag hadde styremøte 21. oktober, i samband med konferansen Stadnamn i nordisk og internasjonalt perspektiv, som ble holdt på Universitetet i Oslo samme dag. Dette var første styremøte i 2005. Målet bør være ett styremøte i semesteret.

På forrige styremøte ble det bestemt å spørre Staffan Fridell, Per Vikstrand, Vibeke Dalberg og Rob Rentenaar om å danne redaksjonspanel for *Namn og Nemne*. Alle er forespurt muntlig av Namnelagets styrer Gunnstein Akselberg, og har svart ja. Styret mente at panelet bør utvides med et par personer – av geografiske og faglige årsaker. I tillegg må forespørslene formaliseres. Når dette er gjort, gjelder følgende rutine: Minst to personer fra redaksjonspanelet skal gjennomgå alle artikler til *Namn og Nemne*. Forfatterens navn skal være ukjent for panelet.

Akselberg redegjorde for innholdet i hefte 22 – 2005 av *Namn og Nemne*. Heftet kommer antakelig i januar/februar 2006. Det får et variert innhold, med presentasjoner av Vidar Haslums doktordisputas om artikkelløse stedsnavn i norsk talespråk, to artikler om personnavn, og seks bokmeldinger. Redaksjonen sliter fremdeles med dårlig tilgang på artikler til tidsskriftet. Alle oppfordres til å skaffe stoff, både til *Namn og Nemne* og til *Nytt om namn*. Redaksjonssekretær Klaus Johan Myrvoll informerte om utgivelsestidspunkt og innhold for hefte 42 av sistnevnte.

Medlemstallet i Namnelaget er nå 387. Noen av disse har ikke betalt kontingent og vil antakelig gå ut. Laget har fremdeles som mål å komme opp i den tidligere «rekorden» på 400 medlemmer. Kanskje den nye folderen kan hjelpe? Den er trykket i 1000 eks. og sendes til abonnentene på Norsk Ordbok og Maal og Minne, i tillegg til å bli distribuert i faglige sammenhenger.

Laget har god økonomi, kr 263 800 på konto. Rundt 175 000 vil gjenstå etter trykkingen av *Namn og Nemne* hefte 22 og et hefte av *Nytt om namn*.

Styret mener at Namnelaget bør markere seg i forhold til det vi oppfatter som en uheldig praktisering av den nye personnavnloven. Akselberg fikk i oppgave å skrive en kronikk/artikkel til Aftenposten og/eller regionavisene. Videre bør vi etablere nettside. Styret arbeider med å finne noen som kan ta oppdraget for en rimelig penge.

Etter vedtektene skal neste landsmøte være i 2006. Det bør holdes i tilknytning til et passende faglig arrangement.

Anne Svanevik
anne.svanevik@statkart.no

INNKALLING TIL LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Det vert med dette kalla inn til landsmøte i Norsk namnelag fredag 10. november 2006 kl. 16.30 (etter Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking, sjå nedanfor) i auditoriet i Gaustadalleen 25, Blindern, Universitetet i Oslo.

Sakliste:

1. Verksemda i Norsk namnelag 2003–2006
2. Tidsskriftet *Namn og Nemne*
3. Meldingsbladet *Nytt om namn*
4. Rekneskap
5. Val av styre og redaksjonsmedlemer
6. Ymist

MØTE OG KONFERANSAR

DEN 11. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING Framtida for namnegransking og namnearkiv

Den tidlegare Seksjon for namnegransking, no berre faggrupppa Namnegransking under Institutt for lingvistiske og nordiske studium, inviterer til Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking for å diskutera emnet «Framtida for namnegransking og namnearkiv». Med dei signala som kjem frå Universitets- og høgskulerådet om å prioritera publisering på engelsk, er det god grunn for det namnefaglege miljøet å drøfta si eiga framtid. Konferansen skal vera i auditoriet i Gaustadalleen 25, Blindern, Universitetet i Oslo. Dagen for dette arrangementet er fredag 10. november, med start kl. 9.00 og avslutning kl. 16.00. Det vert lagt opp til tjue minutts innlegg med ti minutts diskusjon etterpå. Dei som ynskjer å halda innlegg på konferansen, eller som har spørsmål om tilskipinga, kan venda seg til underskrivne. Program for konferansen kjem i neste nummer av *Nytt om namn*.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

STEDSNAVN OG IDENTITETER I FLERSPRÅKLIGE KONTEKSTER

Stedsnavn og identiteter i flerspråklige kontekster (Place names and identities in multicultural contexts) er tittelen på et internasjonalt symposium som skal holdes i Karasjok 17.–20. august 2006. Målet med symposiet er å samle fagfolk fra ulike disipliner for å drøfte empiriske og teoretiske utfordringer innen stedsnavnrelatert forskning. Symposiet, som skal holdes på engelsk, har fått flere internasjonalt kjente forskere som foredragsholdere, som Lawrence D. Berg fra Canada, Ole Henrik Magga fra Norge, Catherine Nash fra Storbritannia, Anssi Paasi og Heikki Paunonen, begge fra Finland. Det blir organisert tematiske avdelinger i følgende emner: stedsnavn og identiteter i flerspråklige og stedegne sammenhenger; urbane stedsnavn og identiteter; endring av status til stedsnavnstudier i ulike disipliner, samt tverrfaglige tilnærminger. Det vil også bli arrangert ekskursioner til samebosetninger i Finnmark og til Samemuseet i Anár i Finland.

Kaisa Rautio Helander, Guovdageaidnu
kaisa.rautio.helander@samediggi.no

RAPPORT FRÅ KONFERANSE

STADNAMN I NORDISK OG INTERNASJONALT PERSPEKTIV Blindern 21. oktober 2005

FN har i fleire resolusjonar gjeve tilrådingar om stadnamn i nasjonal og internasjonal samanheng, m.a. at stadnamn i minoritetsspråk krev eit særskilt vern, at stadnamn har ein viktig kulturminnefunksjon, og at det difor er viktig å samla inn stadnamn. Eit sentralt prinsipp er òg at ein så langt råd bør ta omsyn til skrivemåten åt dei einskilde landa når ein brukar utanlandske stadnamn på kart o.l. Desse momenta har verka med når programmet for denne konferansen vart fastsett. Eit anna siktemål med konferansen har vore å sjå nærare på den kulturelle sida ved stadnamn – korleis forvaltar offentlege og private instansar kulturarvprinsippet når det er tale om namngjeving? I innlegget sitt drøfter *Staffan Nyström* memorialnamngjeving og kjem inn på vilkåra for å kalla opp personar i nye namn. Det tradisjonelle administrative mønsteret er ustabil i mange land, nye inndelingar krev nye namn, og i føredraget til *Bente Holmberg* vert kommunenamna i Danmark

diskuterte. Enkeltnamn kan òg vera emne for drøfting av stadnamn i grenseland, slik *Margit Harsson* har gjort det i sitt føredrag med utgangspunkt i namneleddet *-stikle*. *Nils Jørgen Gaasvik* tek føre seg eit tema som nordmenn burde vera fortrulege med, nemleg danske restar i norske stadnamn. *Marit Breie Henriksen* diskuterer føresetnadene for å byggja opp ein nordisk stadnamnbase for samiske namn. *Sirkka Paikkala* frå Finland gjev ei innføring i diskusjonen om utanlandske namn i finsk på 1800-talet. Svensken *Hans Ringstam* fortel om eit informasjonsskrift om namnearbeidet til FN, medan *Vigleik Leira* gjer greie for eit bokprosjekt om geografiske namn i mange språk. Til slutt gjev *Johnny Andersen* eit oversyn over prosjektet EuroGeoNames, som tek sikte på ein europeisk stadnamndatabase med direkte tilgjenge til dei nasjonale stadnamnregistera åt dei einskilde landa.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

MEMORIALNAMNGIVNING – MÖJLIGHETER OCH PROBLEM

Memorialnamngivning är ett mycket vanligt fenomen runt om i världen. Med memorialnamngivning menar jag här bruket att någon offentlig institution (statlig eller kommunal) genom ett formellt beslut knyter en persons namn till ett geografiskt objekt för att *memorera* honom eller henne. Bruket av memorialnamn erbjuder således en god möjlighet att hedra och för lång tid hugfästa minnet av en förtjänt person.

Exempel från Stockholm

I ett föredrag vid ICOS-kongressen i Uppsala 2002 försökte jag beskriva det arbete som bedrivs i Stockholms namnberedning, där jag är sekreterare. Beredningen lämnar förslag till namn, men de lokala politikerna beslutar om namnen. Jag nämnde att författarinnan Astrid Lindgren hade avlidit den 28 januari det året. Redan dagen därefter fördes idéer fram i pressen om hur hon skulle hedras genom att någonting i staden namnsattes efter henne, och det var början på en process som varade i flera år. Situationen skapade en mycket livlig, för att inte säga infekterad, debatt och resulterade i mängder av möten, skrivelser, tidningsinsändare m.m. Här fanns goda möjligheter att memorera Astrid Lindgren och hennes gärning genom namnsättning i Stockholm, om bara saken fick ta den tid som skulle krävas för bästa möjliga slutprodukt. Men då alla inte var överens om detta synsätt och många

istället ville se ett omedelbart resultat skapades problem, som jag ser det. Med «resultat» menar jag att de ville ha ett snabbt namnbeslut – ju snabbare desto bättre. Vad skulle få namn efter Astrid Lindgren och exakt vad skulle platsen heta?¹

En liknande situation uppkom i september 2003 när Sveriges utrikesminister Anna Lindh mördades. Ett par veckor efter hennes död fanns, bara i Stockholm, tolv seriösa förslag på platser som borde bära Anna Lindhs namn. I namnberedningen kände vi stark press och en förväntan att vi skulle bestämma oss, föreslå en plats och ett namn. Men det var precis vad vi *inte* ville göra. Vi ville vänta, smälta den tragiska och oväntade händelsen och omsorgsfullt begrunda det uppkomna läget. Återigen – här fanns en möjlighet att hedra Anna Lindh genom ett namn i staden, men det faktum att många människor ville forcera fram ett omedelbart beslut skapade enligt min mening ett onödigt problem.² Den grundläggande orsaken till många bekymmer med memorialnamn är att själva namngivningen är bakvänd. Normalt finns ju ett objekt, en plats, som behöver ett namn, men här finns istället ett (föreslaget) namn som behöver ett objekt att fästas vid.

FN-resolution VIII/2

Exemplen ovan är från Stockholm men situationen där är inte unik på något sätt. Memorialnamn har diskuterats också inom FN och dess expertorgan UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names). Vid en FN-konferens i Berlin 2002 antogs en resolution (VIII/2) med rubriken «Commemorative naming practices for geographical features». Resolutionens avslutande rekommendationer ser ut så här:

1) *Recommends* that the appropriate national authorities discourage the use of personal names to designate a geographical feature during the lifetime of the person in question;

2) *Also recommends* that the appropriate national authorities include in their guidelines clear statements on the length of the waiting period they wish to establish before using a commemorative name.

¹ År 2004 fastställdes *Astrid Lindgrens Terrass* som namn på en tidigare namnlös del av Vasaparken intill Dalagatan där författarinnan bodde fram till sin bortgång. En förutsättning för detta beslut var dock att en hel grupp av namn inspirerade av «Astrid Lindgrens litterära värld» senare skall sättas någonstans i staden.

² Efter Anna Lindh har ännu inget namn fastställts i Stockholm. Namnberedningen avvaktar utgången av pågående byggprojekt och kommer eventuellt att lägga ett namnförslag utifrån något av dessa.

Detta är precis vad som behövs i Stockholm. Även om rätten att besluta ligger hos de lokala politiska instanserna, så kan man ju från nationell nivå informera ansvariga personer om att FN-resolutionen existerar. Man kan förklara varför den har kommit till och man kan använda den som ett argument för att stävja ogenomtänkta och förhastade beslut.

I Sverige agerade Ortnamnsrådet, som är ett nationellt rådgivande organ, knutet till Lantmäteriverket. Rådet sände en skriftlig rekommendation till landets 290 kommuner, där det i enlighet med FN-resolutionen understryks att nya namn inte bör skapas på basis av en persons namn om personen i fråga ännu lever. Dessutom föreslås att den här sortens namngivning inte bör tillämpas förrän 3–5 år har passerat efter personens död.

En enkätundersökning inom UNGEGN

Men hur är det då i resten av världen? Resolutioner av det här slaget är inte statsrättsligt bindande och FN kan inte beordra eller tvinga enskilda medlemsstater att «bete sig» på något visst sätt. Men man skulle ändå kunna tro – för att uttrycka det mycket enkelt – att de länder som var representerade när resolutionen antogs, också skulle tolka den på samma sätt, och på längre sikt tillämpa den på samma sätt. Men vi vet inte hur det egentligen förhåller sig och för att ta reda på det beslöt jag att genomföra en enkel enkätundersökning.

Jag gjorde ett frågeformulär, med dels fem frågor där ett av fyra svarsalternativ skulle markeras (från «väldigt mycket» till «inte alls»), dels två frågor av multiple choice-typ, där ett valfritt antal svarsalternativ skulle markeras. Efter varje fråga fanns plats för kommentarer. Enkäten sändes med e-post till de ca 190 experterna (från 97 länder) i UNGEGN som står på den officiella adresslistan. Av olika skäl returnerades bara 22 av de utsända enkäterna, vilket kan tyckas vara få, men svaren representerar trots allt 18 nationer från Europa, Afrika, Asien och Nordamerika.

Jag skall här mycket kort kommentera några av frågorna och svaren. Frågorna 1 och 2 handlade om hur utbrett bruket är att namnsätta efter någon som ännu lever resp. efter någon som nyligen avlidit. I bägge fallen var det vanligaste svaret: «Det är inte särskilt vanligt, men det finns en del exempel.» När det händer, är det i regel namn på gator eller andra lokaler i urbana miljöer det handlar om. När det gäller andra objekt, t.ex. naturlokaler, är den här sortens namngivning ännu mer sällsynt; den tillämpas aldrig (eller ytterst sällan). Här skall man dock påpeka att orden «geographical feature» i resolutionsrubriken och i mina frågor kan tolkas på olika sätt. Om man tolkar dem synonymt med «natural feature», vilket somliga

länder väljer att göra, blir ju hela frågan om memorialnamn och gator irrelevant. Mer om detta nedan.

Fråga 4 undersöker hur medveten man är i resp. land om att FN-resolutionen finns och fråga 5 vill reda ut vad eller hur mycket som faktiskt har gjorts för att sprida kännedom om resolutionen. Om man jämför svaren på frågorna 4 och 5 ser det i grova drag ut som om resolutionen har blivit ganska väl implementerad i samhället, samtidigt som inte särskilt mycket har gjorts för att åstadkomma detta. Man kan naturligtvis tolka det som att resolutionen så att säga har implementerat sig själv, men rimligare är väl att innehållet i resolutionen i praktiken redan tillämpas i flera länder, helt eller delvis, varför det inte har funnits anledning att medvetet arbeta med att göra just denna resolution mer känd.

De två sista frågorna i enkäten försöker reda ut vad uttrycket *geographical name* i namnet på FN-organet UNGEGN egentligen står för. Vad är föremålet för UNGEGN:s arbete med geografiska namn? Och vad är föremålet för den FN-resolution (som ju rör namn på *geographical features*) som vi talar om här? Jag gav i mina frågor möjlighet att markera fem olika namnkategorier, nämligen namn på 1) topographical features, 2) man-made topographical features, 3) habitations, 4) administrative areas och 5) urban features.

Hälften av de experter som svarade betraktar alla fem namnkategorierna som *geographical names* på samma sätt som jag personligen gör, fast termen utanför FN vanligen är *place-names*, sv. *ortnamn*. Alla dessa namn och namntyper är alltså intressanta och viktiga för UNGEGN. I dessa experters svar anges också alla namnkategorierna som inkluderade i FN:s resolution om memorialnamn. Det betyder alltså att ordet *geographical* för dem har samma innebörd och implikationer i uttrycket *geographical name* som i *geographical feature*, vilket kan verka rätt logiskt. Men av andra svar framgår att detta inte är den enda möjligheten att se saken på. Tvärtom finns det många sätt att förhålla sig till frågan vad det är för namn som UNGEGN ska syssla med, och det finns också många sätt att tolka vad resolutionen handlar om.

I ett av svaren markeras att alla fem namnkategorierna är *geographical names*, dvs. är en angelägenhet för UNGEGN, men att ordet *geographical* i resolutionstextens «geographical features» bara innebär «topographical», vilket medför att resolutionen inte rör namn på t.ex. gator och torg. I ett annat svar markeras på samma sätt att föremålet för UNGEGN:s arbete är alla typer av namn, men att resolutionen trots detta inte alls berör namn på «topographical features»; tvärtom sägs den bara gälla namn på «urban features» och «habitations». Ett tredje svar anger att bara namn på «urban

features» är vad UNGEGN och resolutionen handlar om; ett fjärde att namn på «habitations» är vad UNGEGN förväntas diskutera trots att resolutionen, som rimligen är ett resultat av dessa diskussioner, i samma svar sägs ha endast med «urban features», etc. etc.

Jag konkluderar. Memorialnamn erbjuder möjligheter, men kan också skapa problem av olika slag. FN-resolutionen kan – enligt min mening – användas för att lösa eller undvika en del sådana problem. De starkt divergerande enkätsvar jag fick från olika delar av världen kan till viss del bero på att frågorna har misstolkats. Men detta kan knappast förklara alla skillnader. Det är utopiskt att tro att den namnverksamhet som bedrivs inom FN och UNGEGN kan resultera i fullständig enighet – det måste finnas visst utrymme för nationell anpassning och tillämpning – men jag finner det ändå lite besvärande, när FN antar resolutioner, trots att delegaterna är långtifrån överens om vad dessa egentligen innebär. Vad är det i praktiken vi rekommenderar eller skyddar med sådan resolutioner? Detta borde diskuteras mer framöver.

Staffan Nyström
Riksantikvarieämbetet, Stockholm
staffan.nystrom@raa.se

DANSKE KOMMUNENAVNE I NUTID OG FREMTID

Ved den kommunalreform som trådte i kraft den 1. april 1970, blev de kommunale enheder i Danmark reduceret fra ca. 1000 kommuner og 25 amtskommuner til 275 kommuner og 14 amtskommuner, også kaldet amter. I denne sammenhæng har jeg valgt at sammenstille de kommunenavne som blev fastlagt i forbindelse med kommunalreformen af 1970 med de kommunenavne som blev fastlagt i løbet af sommeren 2005, og som kommer til at gælde fra den 1. januar 2007.

Kommunenavnene fra 1970 er dannet på forskellig vis, men det er karakteristisk for de fleste af navnene at de er dannet til et bebyggelsesnavn. Det er i almindelighed navnet på den største og vigtigste by i kommunen, men der er også eksempler på at kommunenavnet er dannet til et gård- eller husnavn. Eksempler på kommunenavne hvori der indgår et bebyggelsesnavn, er navne som *Hundested Kommune*, *Høje Taastrup Kommune*, *Nakskov Kommune* og *Vallensbæk Kommune*. Nogle af de nævnte navne er født som

naturnavne, men de har ikke desto mindre fungeret som navne på bebyggelser i adskillige århundreder. Kommunnavnene fra 1970 tæller også en række navne som refererer til et slot eller en herregård. Det er navne som *Rosenholm Kommune* og *Vallø Kommune*. Til rækken af navne kan yderligere føjes navne som *Augustenborg Kommune* og *Tranekær Kommune* der refererer til både en bebyggelse og et slot eller en herregård.

En forholdsvis stor del af de danske kommunenavne er sammensat med navne der refererer til naturlokaliteter: øer og halvøer, søer og åer, bjerge og høje, næs o.l. Til eksemplerne hører navne som *Samsø Kommune*, *Thyholm Kommune*, *Gundsø Kommune*, *Suså Kommune* og *Stevns Kommune*. Værd at fremhæve i denne sammenhæng er *Gundsø Kommune* som er et navn der er ekstraheret af to landsbynavne: *Gundsølille* og *Gundsømagle*. De nævnte eksempler indeholder alle dokumenterede naturnavne, men der findes også et enkelt eksempel på et nykonstrueret naturnavn. Det er *Aaskov* der indgår som bestanddel i navnet *Aaskov Kommune* i Vestjylland.

Stednavne som indeholder en indbyggerbetegnelse er velkendte, men det eneste eksempel på et navn af denne art blandt de nuværende danske kommunenavne er *Skovbo Kommune*. Navnet betegner det skovrige område mellem Roskilde og Ringsted.

At en del af de danske kommuner er kommet til ved sammenlægning af to eller flere kommuner, kan let iagttages i navnebestanden. Blandt vore kommunenavne er der nemlig en forholdsvis stor gruppe af bindestreksnavne. Det er navne som *Fredensborg-Humblebæk Kommune* og *Thyborøn-Harboøre Kommune*. Selv om flere af de danske kommuner med bindestreksnavne er opstået ved en sammenlægning af mere end to kommuner, er der ingen eksempler på navne med mere end én bindestreg.

Den sidste kategori af kommunenavne som jeg vil fremhæve, er nykonstruerede navne som indeholder et retningsangivende ord. I de danske kommunenavne er det af en eller anden grund ordet *syd* som må holde for, men det kunne lige så godt have været ordene *øst* eller *vest*. Til eksemplerne hører navne som *Sydfalster Kommune* og *Sydthy Kommune*. I og for sig er der ikke noget i vejen med navne af denne slags, men de er i de fleste tilfælde ahistoriske, og som enkeltstående navne virker de ufuldkomne, specielt når det område som de sigter til, er rimeligt afgrænset. Som et eksempel kan jeg nævne de østjyske kommunenavne *Midtdjurs* og *Nørre Djurs* der set fra en overordnet synsvinkel kalder på en kommune med navnet *Sønder Djurs*.

Til trods for det nævnte forbehold er de danske kommunenavne som vi kender dem i dag, udtryk for et rimeligt fornuftigt navnevalg, og navnene har gennem årene vist sig at være velfungerende. Jeg mener dog at de lange

bindestregsnavne er upraktiske. De skrives da også både med og uden bindestreg og med skråstreg, og undertiden optræder de i forkortet form. Jeg vil også tillade mig at stille spørgsmålstegn ved om kommunenavne som refererer til mindre naturforekomster, har haft den ønskede funktionsværdi. Her tænker jeg på naturnavne som *Hashøj* og *Trehøje* der næppe er kendt uden for et snævert lokalområde, og som alligevel indgår som led i hver sit kommunenavn. Det første i et vestjællandsk kommunenavn, det andet i et vestjysk.

Men selv om navnene har været velfungerende, er verden gået videre, og i 2004 fremlagde den danske regering et udkast til en ny kommunalreform som skal træde i kraft den 1. januar 2007. Med denne reform erstattes de 14 amter af 5 regioner, og de nuværende 275 kommuner reduceres til 98 stor-kommuner. En kommunalreform af den slags som vi står overfor i Danmark, er et anliggende – ikke for Kulturministeriet som Stednavneudvalget hører under, men for Indenrigsministeriet, og allerede i foråret 2004 bestemte Stednavneudvalget sig for at gøre Indenrigsministeriet opmærksom på sin eksistens. Det resulterede i nogle drøftelser ministerierne imellem, og i loven kom der til at stå at «Indenrigs- og sundhedsministeriet fastsætter de nye kommuners navne». Kun i bemærkningerne til loven fik Stednavneudvalget en vis indflydelse. Her står der bl.a. at «Navnene fastsættes efter ønske fra kommunalbestyrelserne i de kommuner, der indgår i en sammenlægning. Det forudsættes herved, at kommunalbestyrelserne har opnået enighed om den nye kommunes navn og har meddelt denne til indenrigs- og sundhedsministeren. I tilfælde af uenighed mellem kommunalbestyrelserne fastsætter indenrigs- og sundhedsministeren navnet. I forbindelse med fastsættelsen af de nye kommuners navne vil der kunne rettes henvendelse til det af Kulturministeriet nedsatte Stednavneudvalg, der yder rådgivning om principperne for navngivning af lokaliteter.» Dette tilbud om rådgivning var der nogle kommuner som gjorde brug af, men det var forbavsende få. Når Vibeke Dalberg og jeg som henholdsvis tidligere og nuværende formand for Stednavneudvalget alligevel kan se tilbage på et usædvanlig travlt år i Stednavneudvalgets regi, er det nok fordi der i en del af pressen var stor interesse for navnespørgsmålet. Især var lokalpressen i de områder af landet hvor der var uenighed om det nye kommunenavn, meget ihærdig.

En af de første skriftlige henvendelser som havnede på Stednavneudvalgets bord, kom fra fire kommuner på det sydlige Djursland. I brevet blev Stednavneudvalget bedt om at udtale sig om fem navneforslag: *Ebeltoft Kommune*, *Kalø Kommune*, *Kalø Vig Kommune*, *Mols Kommune* og *Syddjurs Kommune*. Det fik Stednavneudvalgets sekretariat til at fastsætte

nogle principper for gode kommunenavne (jf. *Nytt om navn* nr. 41, s. 36), og på baggrund af disse principper frarådede vi de fire kommuner at bruge navnene *Kalø Vig Kommune* og *Syddjurs Kommune*. Det første navn afviste vi fordi det burde skrives *Kaløvig Kommune*. Navnet rummer altså nogle retskrivningsmæssige problemer. Det andet navn afviste vi fordi nykonstruerede navne med et retningsangivende ord er gode som par, men ikke som enkeltstående navne. Der var dog til det sidste lokal uenighed om det pågældende kommunenavn, og derfor blev der til ministeriet fremsendt to navneforslag: *Kalø Kommune* og *Syddjurs Kommune*. Det hører med til historien om de nye kommunenavne i Danmark at kommunen på det sydlige Djursland kom til at hedde *Syddjurs Kommune*. Det gjorde den endda på Stednavneudvalgets anbefaling. Det viste sig nemlig at kommunen på det nordlige Djursland ønskede at hedde *Norddjurs Kommune*. Eksemplet viser hvor svært det er at holde på principperne i virkelighedens verden. Principperne var dog nyttige for den rådgivning som Stednavneudvalget kom til at yde til kommunerne, og vores rådgivning har formentlig holdt de værste vildskud fra døren, vildskud som *Øresund Kommune*, *Storebælt Kommune* o.l. Alligevel rummer listen over de nye kommunenavne flere navne som strider imod Stednavneudvalgets anbefalinger. Det gælder eksempelvis de lange og upraktiske bindestreksnavne: *Brønderslev-Dronninglund Kommune*, *Frederiksværk-Hundested Kommune* m.fl. Antallet af disse navne er kraftigt reduceret, men en hybrid som *Faaborg-Midtfyn Kommune* der er sammensat af et gammelt købstadnavn og et nykonstrueret områdenavn, fandtes dog ikke blandt navnene fra 1970.

Som et apropos til kommunenavnene på Djursland kan jeg tilføje at der på Djursland og andre steder i landet er tradition for underinddelingsnavne. Det gælder fx i Himmerland hvor flere af de lokale institutioner har navne som indeholder navneleddet *Vesthimmerland* (*Vesthimmerlands Gymnasium*, *Vesthimmerlands Landboforening* osv.), og selv om Stednavneudvalget tidligt gik ud med en advarsel mod underinddelingsnavne, sagde udvalget god for navnet *Vesthimmerlands Kommune* i den endelige indstilling til ministeriet. Udvalget dristede sig oven i købet til at foreslå at nabokommunen kom til at hedde *Østhimmerlands Kommune* i stedet for det ønskede *Mariager Fjord Kommune*, skrevet i tre ord, alternativt i to. Det syntes den nye kommune ikke om. Den kommer derfor til at hedde *Mariagerfjord Kommune*, skrevet i to ord.

Typologisk set ligner de nye kommunenavne de gamle. De fleste af de nye navne er ligesom de gamle sammensat med et bebyggelsesnavn (*Hillerød Kommune*, *Holstebro Kommune* osv.). Der er dog blandt de nye kommunenavne ingen herregårdsnavne. Der har været flere tilløb til at bruge

herregårdsnavne som en bestanddel i de nye kommunenavne, men godsejerne har hver gang protesteret, og de pågældende kommuner har derefter trukket deres forslag tilbage og fundet på noget andet. Flere steder er kommunens borgere blevet opfordret til at indsende navneforslag. Det var fx tilfældet i en sjællandsk kommune der er sammenlagt af Stenløse, Ølstykke og Ledøje-Smørum Kommuner. Borgerne i området indsendte 352 navneforslag, og vindernavnet blev *Kongsdal Kommune*, opkaldt efter en gård nord for Stenløse. Det medførte en klage til Indenrigsministeriet fra ejeren af godset Kongsdal som de færreste kender, og som i øvrigt ligger milevidt fra den nye kommune. Det kom der meget snak ud af, og enden på visen blev at ministeriet bad kommunen om at finde et andet navn. Det blev *Egedal Kommune*, opkaldt efter en anden gård i lokalområdet.

Blandt de nye kommunenavne er der også nogle som er sammensat med et naturnavn. Det er navne som *Guldborgsund Kommune*, *Odsherred Kommune* og *Rudersdal Kommune*. I forbindelse med kommunenavne af denne art stødte vi flere gange på et problem der bedst lader sig illustrere af navnet *Gribskov Kommune*, brugt som navn på en kommune der er sammenlagt af to kommuner, nemlig Græsted-Gilleleje og Helsingør. Formelt set er *Gribskov Kommune* et udmærket kommunenavn, men for nogle af Stednavneudvalgets medlemmer var det et problem at ca. 60 % af Gribskov ligger i nabokommunen som er Hillerød Kommune. Andre af udvalgets medlemmer fandt det derimod uproblematisk da Hillerød Kommune ikke ønskede at gøre brug af navnet. Et lignende problem udgør navnet *Furesø Kommune* som betegner en ny kommune opstået ved sammenlægning af kommunerne Farum og Værløse. Også i dette tilfælde var der andre kommuner omkring Furesøen som kunne gøre krav på navnet. Jeg kan i denne sammenhæng også nævne det nye kommunenavn *Lolland Kommune*. Navnet virker tilforladeligt, men da det kun dækker den vestlige del af Lolland, er det et af de mindre gode kommunenavne.

Skal jeg gøre status over det forløb som Stednavneudvalget har været en del af, må udvalgets direkte indflydelse betegnes som beskeden. Det var svært for mange af kommunalbestyrelserne at blive enige om et navn, og derfor har man i ministeriet prioriteret den kommunale selvbestemmelse højere end fag- og sagkundskaben. Den indirekte indflydelse har sandsynligvis været større, men den er desværre vanskelig at måle.

Bente Holmberg, København
holmberg@hum.ku.dk

STADNAMN I GRENSELAND – OM NAMN PÅ *STIKLE*

Tittelen *Stadnamn i grenseland* femner vidt. Eg har derfor valt å konsentrere meg om eitt namneledd, *stikl(e)*, og to namnegranskarar, Oluf Rygh og Kåre Hoel, begge professorar ved Universitetet i Oslo. Oluf Rygh hadde si arbeidstid i siste halvdel av 1800-talet, Kåre Hoel i siste halvdel av 1900-talet. Oluf Rygh er av mange kalla grunnleggjaren av nordisk stadnamn-gransking, og hovudverket hans er *Norske Gaardnavne* (NG), eit bokverk som kom ut i perioden 1897–1924 med 18 band, eitt band for kvart fylke.

Hausten 1950 fekk Hoel i oppdrag å starte arbeidet med å revidere *Norske Gaardnavne*, og han arbeidde med det til han døydde i 1989, dvs. i 40 år. På ein nasjonal namnekonferanse i 1981 heldt Hoel foredrag om prosjektet, og då kallar han NG eit nasjonalt storverk og framhevar den eineståande kunnskapen Oluf Rygh hadde om norsk namnetilfang.

Oluf Ryghs forklaring

Namnet *Stiklestad* har ein spesiell klang i norsk historie. Det var på Stiklestad Olav Haraldsson (seinare med tilnamnet *den heilage*) vart drepen i 1030. Oluf Rygh voks opp i Verdalen og nær Stiklestad, og var sjølvstogt oppteken av namnet *Stiklestad*. Namnet var ikkje lett å tyde, og det vart etter vår meining ei naudløysing. I NG (XV s. 122) står det:

Iste Led kan antages at være et Elvenavn *Stikl, som man i svag Form (Stikla) synes at have i Stiklen i Trøgstad og Stikle i Aremark. Det maa høre sammen med stikla, at hoppe. Der gaar en bæk mellem de to østligste Gaarde.


Rygh forklarar altså tre gardsnamn ved å konstruere elvenamna **Stikl* og **Stikla* laga til det norrøne verbet *stikla* ‘hoppe, bykse; kaste, sende ut’. Når det gjeld gardsnamna *Stikla* og *Stikle* i Østfold, har Kåre Hoel ei anna forklaring. Han meiner det er «helt usannsynlig» at gardsnamna *Stikla* og *Stikle* går tilbake på eit elvenamn (Hoel 1985: 199–204). Ved garden *Stikle* i Aremark renn elva stille gjennom myrlende, så tydinga *stikla* ‘hoppe’ høver dårleg. Elva forbi *Stikla* i Trøgstad har frå gamalt hatt namnet *Hæra*, så eit konkurrerande elvenamn er lite sannsynleg. Hoel konkluderer med at ei elvenamnstamme **stikl-* blir høgst usikker, og meiner det kan vera god «grunn til å stille spørsmål om denne elvenavnstammens eksistens».

Kåre Hoels forklaring

Hoel viser til at gardane Stikle i Aremark og Stikla i Trøgstad har noko felles, dei ligg begge ved eit tjern med ei særmerkt form (Hoel 1985: 199, sjå figur 1):

I særleg grad gjelder det Stiklatjern i Trøgstad, som på midten knipes nesten av i en trang strupe, og som fra denne sender ut mer eller mindre spisse viker i flere retninger, spesielt spisse og taggete er de to i vestenden. Samme forhold har vi også ved Stikletjern i Øymark [i Aremark herred], som også stråler ut med taggete viker i flere retninger og en sær- lig lang, spiss tagg mot sør.

Til støtte for denne tolkinga viser Hoel til fleire tjern (eller vatn) med «stikleform», t.d. Stiklevatnet på Karmøy i Rogaland, som er «bare 3-4 smale, spisse viker som går hver til sin kant» (1985: 202).



FIGUR 1: STIKLETJERN VED GARDEN STIKLA I TRØGSTAD. UTSNITT FRÅ KART N50 1914-2 ASKIM, UTGJEVE 1976.

Trestikkel

I Sverige, på grensa mellom Båhuslen og Dalsland, er ein innsjø kalla *Trästicketln*. I eit grensedokument frå 1200-talet er innsjøen «j Þristikill» (akkusativ), og «or Þristikli» (dativ) omtala som eitt av grensepunkta mellom Noreg og Sverige (Båhuslen var på 1200-talet norsk) (NgL II s. 487). Det er sikkert same tjern som biskop Jens Nilssøn omtalar då han våren 1594 er på visitasferd i Båhuslen, eit tjern «kaldis Trestickel liggendis ende øster fra Suinebacke», og er 1 mil langt og ½ mil breitt (JN s. 140).

Namn på *trestikkel* er registrerte fleire stader i Dalsland og Båhuslen og fleire stader i Noreg (Hoel 1985: 201 f.; Harsson 2001: 26 f.). I *Landnámabók* frå 1100- og 1200-talet er garden Ferstikla omtala på Island (Hoel 1985: 202). Gardsnamnet må ha språkleg samanheng med appellativa *brístikla* f og *ferstikla* f (*prí-* = 3, *fer-* = 4), begge nemningar brukt metrisk, og den siste også brukt om eit «lægærde» med form som ein gresk kross (Blöndal 1920–24: 183, 985). Eksempla ovanfor viser at ord som *stikill* m, **stikla* f og *trestikkel* må ha vore godt kjende og brukte både i Noreg, Sverige og Island.

Etter dette har me berre igjen gardsnamnet *Stiklestad* som muleg døme på ei elvenamnstamme **stikl-*. Kåre Hoel hadde som vist stor respekt for Oluf Rygh, og det må vere grunnen til at han ikkje våga ta konsekvensen fullt ut og trekkje inn namnet *Stiklestad* i den tolkinga han kom fram til ved *stikle*-namna i Østfold. Det same kan seiast å gjelde namnegranskaren Elof Hellquist, som nok meinte at eit elvenamn **Stikla* hadde «förekommit», men som berre kunne vise til Oluf Rygh og dermed dei same namne-eksempla som han (Hellquist 1903–06: 643). Men eg meiner Kåre Hoels artikkel om *Stikle*-namn er så overtydande at det bør få følgjer også for gardsnamnet *Stiklestad*.

Ei stikleforma myr

Finst det nær garden Stiklestad eit tjern med «særmerkt form» slik som ved gardane Stikle og Stikla i Østfold? På N50-kartet frå 1974 er det litt nordvest for garden avteikna ei myr med noko «særmerkt form». Ved å sverte myra kjem forma tydelegare fram, og det blir ei myr «som på midten knipes nesten av i en trang strupe, og som fra denne sender ut mer eller mindre spisse viker i flere retninger», jf. Hoels skildring av Stiklatjern i Trøgstad (sjå figur 2).

Mange myrhar har før vore innsjøar. Historikar Øystein Walberg skriv at dei store myrområda nordvestover frå Stiklestad består av gamal sjøbotn med leirgrunn som danna grunne vatn, og som etter ei tid grodde igjen. «Geologene kaller slike myrer *gjengroingsmyrer*» (Walberg 1994: 331). Det er sannsynleg at den «stikle-forma» myra nordvest for garden Stiklestad for kanskje 1000–2000 år sidan var ein innsjø, og som på grunn av forma fekk eit *stikle*-namn. Innsjøen har så gjeve namn til garden som voks fram nær vatnet. Seinare har den grunne innsjøen grodd igjen til den myra som er avteikna på N50-kartet, sjå figur 2.

I kongesogene er *Stiklestad* skrivne både «Stiklarstaðir» og «Stiklastaðir», og i NG og NSL er opphavleg form «Stiklarstaðir» foreslått under tvil. Problemet er at forleddet *Stikla-* er fleirtalsform og dermed føreset eit

innsjønamn i fleirtal. Ei forklaring kan vere at det ved sida av den linne forma **stikla* f har funnest ei sterk form **stikl* f. Eit innsjønamn **Stikl* ville i genitiv eintal gje forma *Stiklarstaðir*. Dei fleste usamansette innsjønamna er rett nok hankjønn, men dette er på ingen måte absolutt, skriv Indrebø, og har ei lang liste med innsjønamn i hokjønn frå det meste av landet (1924: 261 f.).



FIGUR 2: MYRA CA. 500 METER NORDVEST FOR GARDSTUNET PÅ STIKLESTAD. UTSNITT FRÅ KART N50 1722-4 STIKLESTAD, UTGJEVE 1974.

Veggstekkel og sjøstekkel

Felles form for lokalitetar med *Stikle*-namn kan kanskje best beskrivast med «noko som strålar ut frå eit midtpunkt». I norske dialektar er ordet *stikla* f kjent med ei liknande tyding. At stjerneforma har vore sentral i bruken av ordet, syner Anton Røstad i *Folkeminne frå Verdal*, der han fortel (Røstad 1931: 46):

Folk hadde slik tru på «veggstek/lan»; for det skulde vera so sterk kraft i deim. Når budeian laga trollkattar, måtte dei t.d. ha ei veggstekkel med i lervenysta.

Når ein stokk i ein vegg, i ei nåv t.d., var åvsaga på ein slik måte at mange kvistar var gjenomsaga, var det den kvistrosetten som soleis laga seg, dei kalla for ei «veggstekkel». Men berre når talet av kvistar i kvistrosetten var eit oddetal, tri eller fem, hadde veggstekla nokor serleg kraft.

I ei «sjøstekkel» var det også lækjekraft. Det var krosstrolla som lever i sjøen, dei kalla so. På same måten var det også med «older-

steklan». Det var dei små knutane som veks på røtene på oldertre, dei kalla so.

Til slutt skal også nemnast at ord som *trestikkel* og *trestikkelgras* er nytta om bukkeblad, ein plante med trekopla (tredelt) blad (Høeg 1974: 455).

Litteratur

- Blöndal, Sigfús. 1920–24. *Islandsk-dansk Ordbog*. Reykjavík.
- BØ = Kåre Hoel. *Bustadnavn i Østfold*. Utg. ved Seksjon (Avdeling) for navnegransking, Universitetet i Oslo. Bind I Hobøl 1994. Bind II Skip-tvet 1997. Bind III Våler 1999. Bind IV Spydeberg 2001. Bind V Rygge og Moss 2004. Bind VI Askim 2005.
- Harsson, Margit. 2001. Om *Stikle-* og *Stiklestad*. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2000*, s. 23–34.
- Hellquist, Elof. 1903–06. *Studier öfver de svenska sjönamnen. Deras härledning ock historia*. Stockholm.
- Hoel, Kåre. 1985. *Studier over bustadnavn fra Østfold*. Universitetsforlaget.
- Høeg, Ove Arbo. 1974. *Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925–1973*. Oslo–Bergen–Tromsø.
- Indrebø, Gustav. 1924. *Norske innsjønamn I. Upplands fylke*. Kristiania.
- JN = *Biskop Jens Nilssøns Visitatsbøger og reiseoptegnelser 1574–1597*. Utg. ved Yngvar Nielsen. Kristiania 1885.
- NG = *Norske Gaardnavne I–XVIII*. Utg. ved Oluf Rygh o.fl. Kristiania 1898–1924. *Fællesregister* ved A. Kjær. Oslo 1936.
- NgL = *Norges gamle Love indtil 1387. I–III*. Utg. av R. Keyser og P. A. Munch. Christiania 1846–49.
- Røstad, Anton. 1931. *Frå gamal tid. Folkeminne frå Verdal*. (Norsk folke-minnelag 25.) Oslo.
- Walberg, Øystein. 1994. *Leirras og landskyldfall. Ras og elvebrudd som forsterkende faktor ved landskyldfallet og ødegårdsfremveksten i senmiddelalderen i Verdal*. Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim.

Margit Harsson
margit.harsson@iln.uio.no

DANSKE RESTAR I NORSKE STADNAMN

Dei stadnamna det vil vere tale om her, er gardsnamn frå før dansketida. Mange av dei har enno i dag ei skriftform som heilt eller delvis er påverka av gammal dansk rettskriving. Eg vil først sjå litt på korleis dei norske namna fekk skrivemåtar som er påverka av danske skriftreglar. Deretter vil eg vise korleis dette vert retta opp att i vår tid.

Gammalnorsk tid

Ein god del norske stadnamn er kjende i gammalnorsk/norrøn form, t.d. i sogelitteraturen og i jordebøker. For Trøndelag er særleg erkebiskop Aslak Bolts jordebok interessant. Der finn vi opprekning av gardseigedomar som låg under erkebispestolen i Nidaros. Mange gardar som enno eksisterer, er nemnde her.

Svartedauden 1349–50 førte til ein nedgang i folketalet frå om lag 450 000 til under 200 000 på nokre månader. Dei skrivekyndige, det vil seie prestane, var særleg hardt råka. Dette førte til ei svekking av den gammalnorske skrifttradisjonen, med meir innslag av mellomnorsk talemål også i skrift. Særleg hadde søraustlandsk (Båhuslen høyrde enno til Noreg) endra seg frå klassisk gammalnorsk. I prinsippet var det likevel gammalnorsk skrift som vart nytta i Noreg.

Overgang til dansk skrift

Noreg var i union med Danmark frå 1387 til 1814. I perioden 1450 til ca. 1600 skjer overgangen frå norsk til dansk skriftspråk. Overgangen skjer ovanfrå og nedover i samfunnet. Først er det kongen som nyttar dansk i brev til Noreg. Deretter er det adelen og kyrkja som går over til dansk. Byborgarane følgde opp. Mange av dei var komne frå utlandet: Tyskland, Nederland, Skottland og Danmark. Allmugen i byane heldt meir på det gamle språket. Det er funne innskrifter på gammalnorsk skrivne med runer på bryggjene i Bergen, som er daterte til så seint som 1500-talet. Etter kvart kom bøndene motvillig etter. Dei siste bondebrev på gammalnorsk som ein har funne, vart skrivne i Telemark og i Østfold sist på 1500-talet. Til slutt vart lovverket omsett til dansk like etter 1600.

Reformasjonen vart avgjerande for stillinga til det danske skriftspråket i Noreg. Bibelen vart skriven på dansk. I den protestantiske kyrkja var morsmålet nytta meir enn i den katolske, og mange av prestane var danske. Dansk vart nytta i salmane. Noreg var erklært å vere ein del av Danmark, og stormennene skreiv konsekvent dansk. Det er derfor vanleg å rekne dansketida i språkleg samanheng frå reformasjonen.

Kor dramatisk var overgangen?

Både Sverige og Danmark fekk sine moderne skriftspråk med reforma-sjonen. Men i staden for at vi i Noreg fekk eit modernisert norsk skriftspråk, vart det danske skriftspråket innført hos oss.

Nokre forskarar har prøvd å avdramatisere overgangen frå norsk til dansk skriftspråk. I vikingtida sa folk frå Skandinavia at dei tala «dônnsk tunga», altså dansk tungemål. På 1500-talet var skilnaden mellom norsk og dansk framleis mindre enn i dag. Særleg for søraustnorske skrivarar var det kanskje lettare å skrive eit moderne dansk enn eit arkaisk gammalnorsk, vert det hevda.

Det danske skriftspråket vart forstått, iallfall av eliten, og kunne brukast. Etter kvart som det vart meir brukt, vart det òg lettare for fleire å forstå det.

Dansk skriftspråk i Noreg

Frå 1500 til 1800 fekk dansk ei fastare normering. Språket på Sjælland og i København vart normerande for ordval og skrivemåte. Såkalla «provinsialismar» vart meir påfallande og freista luka ut. Det galdt òg ord som hadde kome frå norsk. Med allmugeskolen frå 1700-talet fekk skriftspråket sterkare fotfeste også hos allmugen.

Inntil slutten av 1700-talet hadde alle tala sin dialekt. Det vil seie at alle som var norskfødde, tala den norske dialekten sin. Den norske over- og mellomklassen byrja da å leggje om i retning av eit dansk talemål. Det vart sagt at på 1800-talet vart den beste dansken tala i Christiania. Der tala dei meir bokstavrett enn i Danmark. Allmugen og folk på landet, til saman over 90 % av folket, heldt fram med å tale dialekt.

Unionen med Sverige frå 1814 fekk liten innverknad på språksituasjonen i Noreg. Språkleg heldt dansketida fram enno i lang tid. Med betre skolevesen stod det danske skriftspråket, eller «Modersmaalet» som ein lika å kalle det, enda sterkare i åra etter 1814.

Norske stadnamn og dansk/eldre skriftmønster

Dei norske stadnamna vart sjeldan totalt endra, men måtte tilpasse seg det som den gongen var gjeldande dansk skriftmønster:

Felleskjønn: *-myren* (for *-myra*), *-øien* (for *-øya*)

Monoftong: *ø* (for *au*, *øy*) og *e* (for *ei*). *Lerbroen* (for *Leirbrua*)

B, *d* og *g* for *p*, *t* og *k* etter vokal: *-vigen* (for *-vika*), *Søbstad* (for *Saupstad*)

Reduksjonsvokal: *e* for *a*, *i* og *u*. *Lundemo* (for *Lundamo*), *Sneen* (for *Snøan*)

Uhistorisk *nd* og *ld*: > *-vand* (*-vatn/-vann*), *vold* (*voll*)

Fleirtal: *Froøerne* (*Froan*), *Røeren* (*Røran*)

Lang vokal: *Røeren*, *Huus*

Enkel konsonant etter kort vokal: *Kot*, *Kotsøy*, *Grilstad* (*Grillstad*)

ole-jorgen.johannessen@nor.uib.no
Tom Schmidt
tom.schmidt@iln.uio.no

DET AMERIKANSKE NAMNELAGET **The American Name Society**

Det amerikanske namnelaget, eller The American Name Society (ANS), som det heiter på originalspråket, er ein profesjonell organisasjon, grunnlagd i 1951, som arbeider for å fremja studiet av namn og deira rolle i samfunnet. Slik laget presenterer seg sjølv, går det mellom anna ut på å drøfta kva som ligg i eit namn (jf. Shakespeares kjende utsegn «What is in a name?»), kva namn har å seia som kulturelle storleikar, kva dei kan fortelja om busetnadshistorie og kva dei inneheld av språklege særtrekk. Laget har årlege fellessamlingar i tillegg til regionale møte. Det gjev ut tidsskriftet *Names. A Journal of Onomastics*, dessutan *ANS Bulletin* og *Ehrensperger Report*. Den siste er ei melding over faglege aktivitetar og ikkje minst litteratur som har kome ut i meldingsåret. Det årlege møtet i 2006 skal haldast i

Albuquerque, New Mexico, 5.–8. januar. Fleire opplysningar finst på heimesida www.wtsn.binghamton.edu/ANS/.

Laget organiserer òg ei røysting over namnet for året («name of the year»), og i 2004 kom desse på topp: 1) *Fahrenheit 9/11*, 2) *Al-Quaida*, 3) *Jon Stewart*, 4) *Nevaeh*. Det fyrste er namnet på den kjende filmen av Michael Moore, med allusjon til åtakinget på tvillingtårna i New York 11. september 2001, det andre gjeld organisasjonen som vert knytt til ymse terrorhandlingar, det tredje er namnet på ein kjend komikar med jødisk bakgrunn, døypt *Jonathan Stuart Leibowitz*. I grunngjevinga for dette namnet heiter det at det er eit paradoks at amerikansk populærkultur ser på jødisk identitet som «cool», men det er ikkje kult å ha eit jødisk etternamn. Det fjerde er eit konstruert namn som har fått eit påfallande oppsving på kort tid, sjå omtale i det neste stykket.

BH

HIMMELEN BAKLENGS

Nevaeh – eit amerikansk stjerneskot

Nevaeh er eit amerikansk jentenamn som på nokre få år har stige til himmels, bokstavleg tala. Som den merksame lesaren har oppdaga, er det det engelske ordet *heaven* ‘himmel’ stava baklengs. Det oppstod som eit eksentrisk namneval så seint som i 1999, då berre åtte nyfødde jenter fekk namnet. I mars 2000 gav songaren Sonny Sandoval dotter si dette namnet, og 11. oktober same året var han med i ei sending i MTV der han introduserte dotter si og forklarte bakgrunnen for namnet. Dette må ha gjort eit sterkt inntrykk på mange foreldre som såg programmet, for året etter var det 1183 som fekk dette namnet, og i 2003 om lag dobbelt så mange. Namnet er òg nytta av ein annan songar, og av ei pornostjerne – om dette har hatt noko å seia for populariteten, er det ikkje sagt noko om.

Heimesida til American Name Society (ANS), som er kjelda for denne omtalen, peikar på to faktorar når ein vil prøva å forklara den snøgge framvoksteren til *Nevaeh*. For det fyrste høver det lydleg med den typen namn som er populære, som *Ava*, *Grace*, *Jada*, *Aaliyah*, altså vokalrike og relativt korte namn, og for det andre passar det inn i den påfallande sterke interessa popkulturen viser for det spirituelle. *Nevaeh* er det perfekte dømet på korleis eit tidlegare eksentrisk namn kan verta motenamnet over natta i eit

klima der foreldra søkjer etter individualitet og originalitet, sluttar kommentaren på heimesida til ANS.

Me får sjå om t.d. *Leah Isidora* får eit oppsving den næraste tida. Meir urovekkjande sett frå norsk synsstad er at den nye personnamnlova, i alle fall slik ho vert praktisert, opnar for all slags bokstavakrobatikk i namngjevinga.

Botolv Helleland
botolv.helleland@iln.uio.no

OM Å LOVA BORT GATENAMN

I samband med kvalifiseringskampane til VM i fotball tidlegare i haust kunne enkelte medium fortelja at borgarmeisteren i byen Craiova i Romania var viljug til å kalla opp fleire gater i byen etter nøkkelspelarane til Finland dersom dette laget vann over Tsjekia (Den tsjekkiske republikken). Bakgrunnen var at dersom Finland vann eller spela uavgjort mot Tsjekia, ville Romania, som var i same gruppe, kunna spela «playoff» og dermed ha von om å kvalifisera seg til sluttspilet. «Eg skal invitera finnane slik at dei ser at namna deira får sin plass i vår bys historie», sa borgarmeisteren.

Mange vil smila av denne fotballfeberen, at folk er viljuge til å gjera alt for at laget deira skal nå fram. Men det viser òg kva verdiar som pregar samfunnet. Det ville neppe ha hendt i dei nordiske landa at ein fotballspelar i live ville få ei gate oppkalla etter seg. Om Bergen har vurdert *Kniksenvegen*, veit eg ikkje.

Det er mange aktørar på banen når det gjeld å gje namn, og ikkje alle har namnekunnige eller kulturelle omsyn som hovudærend. Meir og meir ser det ut til at pressgrupper med marknadsinteresser gjer seg gjeldande. I merkevarebygging spelar namnet ei stor rolle, og då er det ikkje dei språklege omsyna som styrer, men kva nedslagskraft uttrykket får. *@-vegen* er kanskje ikkje så langt unna.

BH

LENNART MOBERG (1914–2005)

Lennart Moberg avled den 25 oktober 2005. Han var född 1914 och skulle på luciadagen den 13 december ha fyllt 91 år.

Mobergs sista tid upptogs av intensivt arbete att slutföra en studie över ett ortnamn i Uppsalatrakten. Det gällde *Håmö*, ett gårdnamn i Läby socken, som tidigare trotsat alla tydningsförsök. Moberg hade vid flera tillfällen berättat att han under lång tid funderat över detta namn, och vid ett besök i Seminariet för nordisk namnforskning i Uppsala en dag i slutet på september avslöjade han sin etymologi för Eva Nyman och mig. Vi erbjöd oss omedelbart att hjälpa till med vissa kompletterande terrängstudier, som vi sedan skriftligen rapporterade till honom. Tidigt en morgon ringde Moberg till mig och bad att få citera vår rapport. Vi gjorde ytterligare en tur till trakten kring *Håmö*, men rapporten från den rekognosceringen kom Moberg aldrig att läsa. När brevet anlände, var han redan på sjukhus och kom inte mera hem. Ännu på sjukhuset dikterade han för en av sina söner en ny underrubrik till den uppsats om *Håmö* som då var praktiskt taget färdig. Jag har fått förtroendet att slutredigera den, för publicering i *Namn och bygd*, årg. 94 (2006).

Lösningen av gåtan *Håmö* fyllde Moberg med stor tillfredsställelse och oförställd glädje under hans sista tid i livet. *Håmö*-uppsatsen är den sista i en lång rad evidenta ortnamnstolkningar av Mobergs hand, med speciell inriktning på de svåra och svåraste namnen. Den är en av många studier från senare år, som visar att Moberg var vetenskapligt verksam livet ut. Främst är det under denna tid fråga om etymologiska studier, av ortnamn, t.ex. *Algö* och *Algunnen* (i *Sydsvenska ortnamnssällskapets årskrift* 1989), *Åre* (i *Namn och bygd* 86, 1998), men också av andra ord, t.ex. germ. *dung-* ‘gödsel, avfall’ (i *Svenska landsmål och svenskt folkliv* 1995), nord. *end(i)langr* ‘i hela sin längd’ (i *Språk och stil* NF 14, 2004). Etymologin bildar överhuvudtaget en huvudlinje i Mobergs författarskap. Han framstår som en etymologins mästare.

Mobergs etymologiska studier, med en solid språkhistorisk grund som förutsättning, utmärks av analytisk skärpa, skarpsinne, blick för väsentligheter och en ovanlig kombinationsförmåga, en skicklighet att kombinera detaljer till en avrundad helhet, där alla brickor faller på plats. Material från dialekter, från äldre och yngre nordiska språkskeden, från andra germanska språk och – vid behov – även från indoeuropeiska språk utanför den germanska språkgrenen kombineras med sakförhållandena. En studie som den över ursprunget till ordet *ho* ‘tråg, ränna’ (i *Arkiv för nordisk filologi* 100, 1985), bildat till verbet *hugga*, visar en klar koppling mellan ord och

sak. I hans ortnamnsetymologiska undersökningar intar, som han själv gärna framhöll, terrängstudier inte någon framskjuten plats, men den saktliga sidan är ingalunda försummad utan klart tillgodosedd, genom studium av kartor och topografiska beskrivningar i uppteckningar och litteratur. Det skall emellertid inte förnekas att närmare terrängstudium någon gång kunde ha gett ökad konkretion åt framställningen.

Moberg representerar en äldre generation nordister, för vilka studiet av ortnamn var en naturlig del av nordistiken. Han började emellertid sin bana med en ljudhistorisk avhandling, Om de nordiska nasalassimilationerna *mp* > *pp*, *nt* > *tt*, *nk* > *kk* med särskild hänsyn till svenskan (1944), och just ljudhistoria är en annan huvudlinje i hans författarskap, också manifesterad bl.a. i en klassisk uppsats om monoftongering i östnordiskan (i Nysvenska studier 33, 1953).

En tredje huvudlinje är textfilologi. Inom denna kategori intar det stora arbetet Konungastyrelsen. En filologisk undersökning (1984) den främsta platsen. Andra studier visar en spännvidd från Eddadiktning över Birgitta till Bellman. Skarpsinne och akribi paras i de filologiska bidragen med en litterär sensibilitet, som var karakteristisk för Moberg.

Med tanke på Mobergs breda nordistiska inriktning är det förstaeligt att han, efter att höstterminen 1960 ha tillträtt professuren i nordiska språk, särskilt ortnamnsforskning, vid Institutionen för nordiska språk i Uppsala, redan efter en termin bytte denna mot den ospecialiserade professuren i nordiska språk vid samma institution. Innan han tillträdde professuren i ortnamnsforskning, framhöll han, minns jag, att han inom denna tjänst främst tänkte inrikta sig på själva namnbildningen och dess morfologi, och just denna sida har han belyst i så många bidrag.

Vid läsningen av Mobergs skrifter slås man ideligen av hans glädje över att få dela med sig av sina forskningsresultat, och detta drag förstärktes med åren. Språket har dessutom ofta en litterär touche, vilket allt gör läsningen av hans bidrag till en njutning utöver det vanliga. Samma smittande glädje kännetecknade Mobergs muntliga framställning och gjorde honom till en oförliknelig lärare och föreläsare. När ämnet därtill inbjöd, utvecklade sig hans sparsmakade formuleringskonst till *eloquentia* av yppersta märke.

En av de stora inom studiet av nordiska språk har lämnat oss, men hans verk lever.

Thorsten Andersson
thorsten.andersson@nordiska.uu.se

BOKOMTALAR

NØVN AUSTA ÅSEN

Tom Schmidt: *Nøvn austa åsen. Bustadnamn i Øystre Slidre*. Novus forlag, Oslo 2005. 400 sidor.

Stadnamngranskaren dr. Tom Schmidt, sjølv oppvaksen i Øystre Slidre, har gjevi ut ei stor bok om bustadnamn i denne kommunen. Få andre kommunar har fått eit slikt kulturhistorisk verk, og arbeidet er fagleg solid samstundes som det er forståeleg for den vanlege lesaren.

Det er to hovudmåtar å leggje fram eit namnetilfang på, etter type namn og etter geografi. Sentrale verk som *Norske Gaardnavne*, *Norske Elve-navne*, *Norske innsjønamn* og *Norske Sæternamn* tek for seg ein type namn, medan historielag og lokale forfattarar ofte lagar oversyn – ofte reine namnelistor utan tolkingar – over alle tilgjengelege namn i eit område. I *Nøvn austa åsen* går Tom Schmidt ein mellomveg, med bustadnamn innanfor einn kommune. Meldar og lesar vil då spørja om det er von om oppfylgning, der andre kulturnamn (stølsnamn, ferdsle m.m.) og naturnamni (vassdrag, fjell m.m.) kjem med.

400 sidor med namn, skriftformer, uttaleformer og tolkingar er mykje for ein vanleg lesar, men tek ein seg arbeidet med å fordjupe seg i teksti, kjem utbyttet; spanande tolkingar, verdfulle korreksjonar til tidlegare omtale, og viktig historisk stoff som kan fortelja bygdefolk og grunneigar meir om historie, kultur og natur på staden.

Måten å leggje fram materialet på er viktig for resultatet. Ein kan gje att og godta det granskarar før har komi til, slik til dømes eit leksikon oftast lyt gjera. Ein annan metode – diverre ikkje uvanleg – er å setja fram eigne tolkingar samstundes som namnegranskaren anten nedvurderer og kritiserer alle andre tolkingar, eller neglisjerer dei heilt ved å teia dei i hel. Den tredje vegen, å vurdere eldre tolkingar, gje dei att og drøfte dei, og så setja fram eigne tolkingar utan å fastslå dei som det einaste rette, må vera målet for ein vitskapsmann. Og her har Tom Schmidt utført eit prisverdig og fyldig arbeid.

Boki gjev oss då mange grundige drøftingar av alternative tolkingar, som ved *Beito* (i samansetjing *Beite-* som i bygdemålet *Beitestølen*), *Kveto*, *Skammestein*, *Bjellbøle*, *Robøle*, *Molor*, *Skattebu*, *Røgne*, *Tvengi*, for å nemne nokre. Kyrkjesoknene Hegge, Lidar, Røgne og Vølbu har alle gamle norrøne namn, sjølv om *Lidar* er eit nydanna, meir litterært namn (norrønt *Li* om garden og *Lidarherad* om bygdi). Hovudsokni Hegge er det gamle

Heggja sokn, knytt til treslaget *hegg*. Schmidt meiner at det same gardsnamnet i Svenes sokn i Nord-Aurdal kunne vera oppkalla etter Øystre Slidre-garden – noko som kan synast mindre rimeleg. Hegge i Svenes fell godt inn i andre sers gamle gardsnamn der (*Berg, Riste, Lo*). Ved Vølbu sokn synest det å vera semje om eit elvenamn *Vala* (samanlikna med *vol* ‘stokk, kjepp’, og då om ei rett elv), men Schmidt vil helst knyte det til hovudelvi austafør Vølbugrendi. Den synste sokni – Røgne – vil Schmidt knyte til ei eldre dativform *Rogni* (av *Rogn*, eit ord skyldt *rygg*, og då om ein rygg i terrenget).

Dei mange gardsnamni med etterleddet *-stad* er oftast freista knytt til eit personnamn, og det er verdfullt når Schmidt har grundige utgreingar om moglege alternativ til mannsnamntolkingar, til dømes ved *Istad* (is, kulde?), *Bøllstad* (*bolle* om rund høgd?), *Køllstad* (*koll* – kolle?), *Mørstad* (planta *maure*, som i *Maurset* m.fl.?), *Onstad* (gild, eit mogleg adjektiv *úneis* – høgvyrd, ansett) og *Veningstad* (vinning, nyrydjing?). Slike freistnader bør sjølvstundt ikkje sende pendelen så langt ut på den andre sida at tolkingar med personnamn heilt blir utelukka.

Røyne er storgarden der ein av dei islandske landnåmsmennene (Bjørn) drog ut ifrå i førkristen tid. Røyne er vanleg tolka som vin-namn, men Schmidt vil helst rekne det som usamansett (*Raun* – raunelund, stad med rognetre) og då eldre enn vin-namni og ein opphavsgard dei andre gardane kan knytast til.

Garden Menka har same namn som ein heimstøl i Tisleidalen, og det er freistande å supplere opplysningane om verbet *meinka* hjå Aasen (‘hindre’) og Fritzner («fortrædige») med at stølen i Nord-Aurdal blir forklara ved verbet *menke* i nordaurdalsmål; denne heimstølen skulle meinke krøteri på beite. Valdresmål har både verbet *menke* om å hindre («detta menka meg noko») og substantivet *ei menke* (‘hindring’; ei menke er noko som står i vegen for ein). Ei skjemtsam, liti opprekning av slike bustadnamn med noko nedsetjande namn er «Meinset, Preinset o Menka».

Boktittelen sender oss rett inn i fleire interessante språklege forhold. *Nøvn* er fleirtal av *navn* (norrønt *nafn* – *nôfn*), i tradisjonelt valdresmål eit *navdn*, fleire *nøvdn*. Den geografiske plasseringi *austa åsen* fortel om eldre busetjing vesta åsen, som ein altså ser namni frå. Og i valdresmål kan ein enno i dag tala om *øyst ræsinga* (øystreslidringa) og *heim`dræsinga* (vestreslidringar, folk heima åsen). Målføret må her peike attende heilt til førhistoriske tilhøve.

I våre dagar, då namni i stor mon blir overførde gjennom vegskilt og kart og ikkje i munnleg overlevering, blir skriftformer nær opp til målføret sers viktig. Normalisering ved oppslagsformer som *Hagen* for *Hagin* og *Bråten*

for *Brøtin* er klare døme på dette, og på at uttala i målføret etter kvart endrar seg, slik det alt har skjedd med øystreslidrenamn som *Moane* for *Moo* eller *Moadn* og *Plassane* for *Plassadn*. Skil målføreuttale bli berga for ettertida, må difor skrivemåten liggje så nær opp til uttala som det er råd ved hjelp av det vanlege alfabetet vårt. Interessant i så måte er det at skilt med *Valdres-flyé* no er komne opp i staden for det framande *-flya*. Så lenge ein ikkje lærer å uttala stutt/open *i* som trong *e* (*bygdé*), er dette ei brukande løysing. Schmidt nemner utvegen med ei skriftform *é*, og rein *e* kan føre til problem med uttale og tonelag i namnepar som *Berge* (*Berget*, bundi eintal) og *Bergé* (*Bergi*, bundi fleirtal).

Lovi om «nedervd, lokal uttale» som skriftgrunnlag blir vanskeleggjord når staten fastslår målføreuttale normert etter rettskriving, ei håplaus motsetjing. Schmidt har valt ei oppslagsform som ofte har ei anna form i parentes, såleis «**Dalane** (Daladn)», «**Bråten** (Brøtin)», «**Vølbu** (Volbu)» og «**Heggi** (Hegge)». Som ein ser, er målføreform i parentes i dei to fyrste namni, men oppslagsform i dei to andre – noko som verkar inkonsekvent, og som nemnt kan føre til påverking bort frå føremålet med namnelovi; å føre vidare nedervd, lokal uttale.

Å godta skrivemåten med *ø* for stutt *o* og «*o* med kvist» er viktig i namn i Valdres, då skrivemåtar med *o* på sikt fører til rang uttale (*Fådnes* og *Rågne* for skrivemåten *Fodnes* og *Rogne*, valdresmål *Fød`nes* og *Røg`né*).

Eige register gjer det greitt å finne fram namni som elles er ordna etter gards- og bruksnummer. Eit eige kapittel tek føre seg topografiske ord med utgreiing både om tyding og opphav og om øystreslidrenamn under dei. Ei fyldig litteraturliste og kjeldeliste høyrer òg med i dette sers viktige verket i stadnamnlitteratur for Valdres.

Ivar Aars
ivarars@online.no

TYSK LÆREBOK FOR NAMNESTUDIET

Namenarten und ihre Erforschung. Ein Lehrbuch für das Studium der Onomastik. Anlässlich des 70. Geburtstages von Karlheinz Hengst. Utgj. av Andrea Brendler og Silvio Brendler. (Lehr- und Handbücher zur Onomastik 1.) Baar, Hamburg 2004. 1024 sider.

Mellom dei yngre tyske namnegranskarane er det grunn til å merkja seg etternamnet Brendler, som det i denne samanhengen knyter seg to førenamn

til, nemleg Andrea og Silvio, ektepar dessmeir. Desse to har studert namnegransking under professor Karlheinz Hengst i Leipzig, og som det heiter i eit innleiingsord til det svære festskriftet dei to har gjeve ut til 70-årsdagen til Hengst 2. mars 2004, var førelesingane og seminarane hans «stets von beeindruckender Klarheit». Utgjevarane møtte då òg ein overveldande respons då dei inviterte heile det tyskspråklege namnemiljøet til å heidra jubilaranten med artiklar som skulle gå inn i ei lærebok for namnestudiet.

No er kanskje Tyskland eit av dei landa som frå før har mest namnedidaktisk litteratur. Men tydelegvis reknar dei unge utgjevarane med at det er marknad for meir, for det verket som vert omtala her, er berre det fyrste i ein ny serie av lære- og handbøker i namnegransking. Dessutan utviklar faget seg stendig.

Namenarten und ihre Erforschung opnar med ein engasjerande oversynsartikkel av Silvio Brendler. Resten av artiklane er ordna i tre ulikt store delar, før det til slutt kjem ulike slags register (glossar, kjeldeoversyn, litteraturliste, personregister og sakregister).

Del 1 inneheld ein einskild, teoretisk prega artikkel av Ernst Hansack med tittelen «Das Wesen des Namens». Dei fylgjande ni artiklane i del 2 er hovudsakleg metodiske tilnærmingar til namnestoffet, som klassifisering, etymologisering, kjeldekritikk, tekstlingvistikk, pragmatikk, sociolingvistik, areallingvistikk, litterær onomastikk, og den mindre kjende metoden onomatometri (avdekking av strukturar i det språklege landskapet). Del 3 inneheld heile 21 artiklar som tek føre seg ulike namnegrupper: namn på himmellekamar, fjellnamn, dalnamn, vassdragsnamn, marknamn, busetnadsnamn, gardsnamn, namn på forsvarsanlegg, husnamn, ferdslenamn, kunstverknamn, varenamn, institusjonsnamn, namn på naturovringar, namn på politiske hendingar, personnamn, familienamn, stammenamn, dyrenamn, plantenamn, namn på tidspunkt og tidsrom. Også i desse artiklane er det nedfelt teoretiske og metodiske vinklingar, m.a. grensdraginga mellom namn og nemne.

Utgjevarane har openbert satsa på å få eit breitt spektrum av tilnærmingar til namnetilfanget. Samstundes ber artiklane òg preg av ein viss likskap i oppbygning, noko som styrkjer den pedagogiske sida, som historisk oversyn, nyttefunksjon, nye utfordringar og ikkje minst tematisk ordna litteraturreferansar. Direkte didaktisk vinkling er det likevel ikkje lagt opp til. Men den som vil leggja opp dette verket som eksamenslesnad, vil koma styrkt ut av studiet.

HANDBOK FOR MODERNE PILEGRIMAR

Tormod Berger og Eivind Luthen: *Pilegrimsguiden Hamar – Nidaros*. Verbum, Oslo 2005. 158 sider.

Pilegrimsguiden Hamar – Nidaros er ei reisehandbok som skildrar pilegrimsvegen frå Hamar til Nidaros. Den som vil gå heile eller delar av denne strekninga, treng ein god vegvisar, og no har Tormod Berger og Eivind Luthen gjeve ut handboka som er den gode vegvisaren. Frå før er utgjeve *Pilegrimsguiden Tønsberg – Oslo – Hamar*.

Pilegrimsvegen mellom Hamar og Nidaros er nesten 500 km lang. I handboka er denne strekninga inndelt i 15 etappar som i gjennomsnitt er rundt 30 km. Til kvar etappe er det laga egne kart, både plankart og høgdekart, som i lag gjev nyttige og praktiske opplysningar om vegen framover.

For den som skal finne fram ved hjelp av boka, er vegbeskrivingane svært konkrete og detaljerte, og det skal venteleg mykje til for å gå seg bort. Men ein vandrar bør vera merksam på at nokre av opplysningane lett kan vera forelda, som at vegen går forbi eit kvitt hus, gjennom ein eplehage, eller til dømes mellom to jorde.

Etter kvar beskriving av dei 15 etappane fylgjer eit kapittel kalla «Kulturminne underveis». Her er det mykje å finne for ein interessert lesar og vandrar, og mykje er sjølvstilt relatert til pilegrimsvandringa i mellomalderen. Her er informasjon om kyrkjer undervegs, stavkyrkjer og steinkyrkjer, om helgenar som vart dyrka, om gamle herberge, historiske gardar og stader langs vegen som bruer og kvileplassar. Og sjølvstilt er det spor etter Heilag-Olav, helgenkongen som var opphav og inspirasjon til pilegrimsvandringane til Nidaros.

I katolsk mellomalder var det vanleg å kalle vasskjelder opp etter heilagmenne. Folk trudde at vatnet i slike kjelder hadde lækjande verknad. Olavskjelder har det vore mange av, og i boka blir omtala *Olavskilden* ved Bergseng i Ringsaker, *Olavskilden* i Dovre og *Olskjelda* i Meldal, og i tillegg *Olavskleiva* i Rennebu. Alle stader er det tradisjon om hovmerke etter hesten til heilagkongen. Slike segner finst det mange av, også utanfor Noreg. Det viser kor sterk tradisjonen rundt Heilag-Olav var.

Andre namn av interesse er *Tjodvegen*, namn på allfarvegen gjennom Øyer. *Tjod-* er gammalnorsk *þjóð* 'folk'. Namnet *Varphaugen* i Sel fortel om ein stad, eit varp, der ferdafolket la stein eller kvist på ein spesiell haug, truleg til vern mot vonde makter. Gardsnamn som *Korshus* og *Korsdal* i Dovre, og namna *Krossvegen* og *Krossekra* i Oppdal, kan vera minne om pilegrimane utan at ein veit noko sikkert. Men ofte var krossar plasserte

langs vandreruta ved rastestader, på høgdedrag, ved vegkryss og ved bruer. Vårstigen i Oppdal er omtala som pilegrimsveg i 1182, og namnet fortel om ein veg oppi lia som var farande i vårløysinga til skilnad frå vegen nedi dalbotnen der vårflaumen gjorde det vanskeleg å koma fram. Ved Midt-skogen i Oppdal er det fast rasteplass ved ein stein kalla *Slørkesteinen*, eit namn som er mest uskjøneleg i dag. Men namnet fortel om taterar og omstreifarar eller om ein ureieleg kar, ein slusk, for ordet *slurk* (*slørk*) er i Oppdal brukt nedsetjande om den slags personar.

Eit sagn er det at boka ikkje inneheld namneregister. Det hadde vore svært nyttig for å finne raskt fram i boka, også fordi innhaldslista er svært grov med berre éin innførsel for hovuddelen av boka som er sidene 15–125.

Konklusjonen må vera at for moderne pilegrimar og mange andre kjem boka til å fungere svært godt som reisefører langs pilegrimsvegen frå Hamar til Nidaros. Det er ei bok for både pilegrimar og vanlege turistar som ynskjer ein åndeleg dimensjon over vandringa. Alle er me pilegrimar på jorda, står det ein stad i boka, og alle deler me ei undring over livet og skaparverket.

Margit Harsson
margit.harsson@iln.uio.no

STADNAMN PÅ SVALBARD

Eli Johanne Ellingsve: *Stedsnavn på Svalbard – Names on Svalbard*. 189 illustrasjonar og eit kart over Svalbard 1:1 800 000 av Trond Haugskott. Tapir akademisk forlag, Trondheim 2005. 186 sider.

Dette er ein ny, nedstytt versjon for den vanlege lesaren, med ei omsetjing til norsk, av boka *The Place-names of Svalbard* (Norsk Polarinstitut 2003, eit opptrykk av handboka frå 1942 med same namn). Ho inneheld artiklar om på lag 470 stadnamn på Svalbard, tekne frå kartet 1:2 000 000. Før sjølve artiklane vert det gjeve ei utsyn over prosessen med å namngje stader i arkipelaget. Denne prosessen vert framstelt på ein balansert måte, utan nasjonalistisk slagside, og kriteria som vart lagde til grunn i arbeidet med å homogenisera og fornorska stadnamna, går klårt fram. Eit av måla med den framgangsmåten som vart vald på den tida, var at det skulle verta audsynt at området var ein lut av Noreg, ei haldning som var utbreidd i mellomkrigs-tida. Arkipelaget syner seg å vera den fremste staden for å heidra skandi-

navar: Av dei 470 namna som er utvalde til denne boka, har 110 sidan 1850 vorte tileigna verdige finnar, svenskar og nordmenn. Dei 470 artiklane skildrar naturen og tilhøva på stadene som vart namngjevne, og tyder ut namna som vart valde til å visa til dei.

Boka inneheld ei liste over geografiske nemningar, som hjelper til å tyda ut namna, men dei er i ubunden form, og høver oftast ikkje med formene på kartet eller i namnelista. Utfaldskartet baki boka er vanskeleg å nytta og rivnar lett. Bortsett frå det er boka ein lettkjøm skatt. Ho er grei å bruka og er fint illustrert med bilete fulle av is. Det er lett å finna att namna på dei klåre karta, takka vere koordinattala som er sette til.

For ein nederendar er det synd at namna, i motsetnad til det som er tilfellet i Antarktis, har vorte omsette til norsk, med di det løyner ofte opphavet deira: Ingen vil t.d. kjenna att namnet på det nederlandske 1700-talskipet Eenhoorn i det som no er *Einhyrningbukta*. Men so er òg suvereniteten annleis her enn i Antarktis. Utgjevaren har styrt fint unna alle usemjer mellom engelskmenn og nederendarar når det gjeld opphavet åt namna, ei bragd i seg sjølv! Skildringane (på norsk og engelsk) er konsise og råkande, med klår typografi.

Eg har nokre merknader som gjeld uttydingane til sume av namna: At Hinlopenstretet skal ha fått namnet sitt etter Thymen J. Hinlopen, direktøren for Noordsche Compagnie i 1617, synest merkeleg, med di det namnet er nedskrive på nederlandske kart som *Straat van Hinloopen*, og må difor visa til eit anna (geografisk) objekt (i dette tilfellet den frisiske byen Hinloopen eller Hindelopen) eller førestelling, heller enn ein person. Skipet De Liefde (1669) var nederlandsk, og ikkje tysk (s. 112). Det nederlandske ordet for musling er *mossel* (s. 120), og det nederlandske (ikkje tyske) ordet for 'syrgja' er *treuren* (s. 151). Eg kan tenkja meg at Protektorfjellet har fått namnet sitt av engelske kvalfangarar i styringstida åt Oliver Cromwell, «the Lord Protector», på 1600-talet. Tilvisinga under *Sørgattet* til norrønt *gat*, med tydinga 'hol, opning', kan vera rett, men burde i staden vera til nederlandsk *gat*, med same tyding. Kor som er, å ha merknader til berre 6 utav 470 namn er slett ikkje verst!

Endeleg, til utvalet av namn: Om lag 8000 namn har vorte standardiserte no, og er samla i *The Place-names of Svalbard*. Kvifor berre 470 har vorte utvalde til den boka som vert meld her, treng ei betre forklåring. I føreordet heiter det at dei 470 namna er alle dei som er med på kartet over Svalbard i mælestaven 1:2 000 000 – men kva for eit kart vert det vist til her? Kan henda finst det berre eitt kart over Svalbard i den mælestaven, men like vel burde utgjevar, tittel og år for publiseringa ha vore nemnt. Kartografar nyttar andre kriterium enn namnegranskarar når dei vel ut namn til kart,

som plassen dei har, eller kor viktige namneobjekta er – og når ein ynskjer å skildra soga åt namngjevinga på Svalbard (som skulle vera det fremste føremålet med denne boka, tenkjer eg meg), kunne det vera aktuelt å velja andre namn òg. Den framgangsmåten som er vald, tyder i minsto at alle namneobjekta er noko store, og boka, i lag med kartet, gjer det mogeleg for turistar å få betre skjønsemd for landskapet på Svalbard. Ho er lett å ta med i sekken!

Dr. Eli Ellingsve er stadnamnkonsulent for Midt-Noreg og bur i Trondheim.

Ferjan Ormeling, Utrecht
f.ormeling@geog.uu.nl

Meldinga er omsett av redaksjonen.

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI

NORSK NAMNEBIBLIOGRAFI 2004

Namnebibliografien byggjer på litteraturupplysningar som redaksjonen sit inne med, og gjer ikkje krav på å vera fullstendig. Titlar som ikkje er komne med, kann takast med i bibliografien til neste år.

Klaus Johan Myrvoll
k.j.myrvoll@iln.uio.no

- Akselberg, Gunnstein. Åttungsinndelinga på Voss og administrative inndelingar i Hordaland. Ei gransking sett i ljøs av Indrebø sine studiar av den gamle fylkesskipnaden. *Nordica Bergensia* 30, s. 175–218.
- . [Melding av] Inge Særheim: *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland*. Stavanger 2002. *Namn og Nemne* 20/21, s. 141.
- Alhaug, Gulbrand. *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. (Tromsø-studier i språkvitenskap 23.) Oslo: Novus. 285 s.
- . *Hanne Elise Caroline – om framveksten av fleirnamnsskikken i Noreg på 1700-talet*. *Namn og Nemne* 20/21, s. 63–94.
- . *Tog, Gudergod og Hværsaagod – om praktiseringa av den nye personnamnloven*. *Nytt om namn* 39, s. 28–32.
- Andersen, Svanhild. Saami place names and place-making in a minority-majority context. I: *Landscape, Law and Customary Rights*. (Dieđut 3.) Red. Michael Jones og Audhild Schanche. Guovdageaidnu/Kautokeino, s. 122–134.
- Aune, Kolbjørn. Smånamn på svensk og heime på garden. [Melding av] Staffan Nyström: *Smånamn och andra ortnamn*. Stockholm 2003. *Nytt om namn* 40, s. 46–48.
- . Våa. Eit gammalt plassnamn på Storfosna. *Årbok for Fosen* 2004, s. 125–128.
- Bjørkum, Andreas. Stadnamni i stølsvegen og på garden. I: d.s.: *Soga om Viki og Vikadalen. Garden Grendi Ætti*, s. 40–51.
- . Viki eller Vikagarden. Namnet på garden og tydingi av namnet. I: d.s.: *Soga om Viki og Vikadalen. Garden Grendi Ætti*, s. 30–32.
- Dalberg, Vibeke. [Melding av] Åse Wetås: *Namneskiftet Kristiania – Oslo*. Oslo 2000. *Beiträge zur Namenforschung* 39, s. 126–128.

- Dalland, Kjersti. Gardsnamn og gardsgrenser i Fusa kommune. *Nordica Bergensia* 30, s. 19–53.
- Edlund, Lars-Erik. [Melding av] Ola Stemshaug: *Norske innbyggjarnemningar i overført tyding*. Trondheim 2002. *Namn och bygd* 92, s. 184–186.
- Ellingsve, Eli J. Svalbards navnehistorie. *Motskrift* 2/2004, s. 11–17.
- Fellows-Jensen, Gillian. Berit Sandnes: *Fra Staraffjell til Starling Hill: Danelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Doktordisputas ved NTNU – Trondheim, 3. mai 2003. 2. opponent. *Namn og Nemne* 20/21, s. 40–45.
- Fridell, Staffan. [Melding av] *Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo 2003. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2/2004, s. 243–244.
- Fykse, Åmund. Namnetypar og etterledd på konvekse formasjonar i terrenget. Systematisering og vurdering av slike stadnamn i Luster kommune på grunnlag av innhaldet i Sentralt stadnamnregister (SSR). *Nordica Bergensia* 30, s. 111–128.
- Fyllingsnes, Frode. Notow – hanseatane si hamn på Avaldsnes. *Heimen* 1/2004, s. 3–21.
- Grønvik, Ottar. Ordet nisse. *Maal og Minne* 2/2004, s. 182–186.
- . Sveggesundet. *Maal og Minne* 1/2004, s. 87–92.
- Gaasvik, Nils Jørgen. Stadnamn i Ila. *Nytt om namn* 40, s. 31–33.
- Hagåsen, Lennart. [Melding av] *Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003*. Red. Åse Wetås og Tom Schmidt. Oslo 2003. *Namn och bygd* 92, s. 149–151.
- Hallaråker, Peter. Stadnamn – Rotevatnet rundt. *Voldaminne* 2004, s. 165–174.
- Harsson, Margit. Det norske landskapsnamnet *Ringerike*. *Namn och bygd* 92, s. 134–136.
- . *Esorud* er Hasarud. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 27–29.
- . *Halvdanshaugen. En kongelig gravhaug på kongsgården Stein*. Hønefoss: Kolltopp forlag. 64 s.
- . *Heðinn og Heidiinn*. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 31–33.
- . Herrebråten på Krokskogen. *Ringerike* 76, s. 54–55.
- . Kvinnenamnet *Ása* og variantane *Ósa* og *Æsa*. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 17–25.

- . Ringerike og Stein – et landskap og en gård. I: *Halvdanshaugen – arkeologi, historie og naturvitenskap*. Red. Jan Henning Larsen og Perry Rolfsen. (Univ. kulturhistoriske museer. Skrifter nr. 3.) Oslo, s. 113–125.
- Haslum, Vidar. Bløte konsonanter. Novasjon eller reliktfenomen i sørnorske dialekter? *Maal og Minne* 2/2004, s. 148–160.
- . *Stedsnavn fra Levangsheia (Skåtøy herred – Kragerø – Telemark). Innsamlet og tilrettelagt for språkvitenskaplig og lokalhistorisk utnyttelse*. Bergen. IX + 420 s.
- . [Melding av] Inge Særheim: *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland*. Stavanger 2002. *Heimen* 1/2004, s. 70–73.
- Heinesen, Line Lysaker. Problemet med stedsnavn som kulturminner. *Nytt om namn* 39, s. 33–35.
- Helleland, Botolv. Ableitungstypen in Flussnamen Westnorwegens. I: *Suffixbildungen in alten Ortsnamen. Akten eines internationalen Symposiums in Uppsala 14.–16. Mai 2004*. Red. Thorsten Andersson og Eva Nyman. (Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi 88.) Uppsala, s. 177–197.
- . Kristian Strømshaug (1921–2004). *Nytt om namn* 40, s. 26.
- . *Lis(s)et – Lilleset, Disen – Disenhagen/Disihagen*. Eit par normeringsproblem. *Nytt om namn* 40, s. 18–20.
- . Noko om stadnamn på *-ing* frå Hordaland. I: *Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht*. Red. Astrid van Nahl, Lennart Elmevik og Stefan Brink. (Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 44.) Berlin – New York, s. 139–170.
- . Skrivemåten av stadnamn – offentleg eller privat sak? *Aftenposten* 25. juni 2004 (kronikk). Prenta opp att i *Nytt om namn* 39, s. 14–16.
- . [Melding av] *Actas do 20 congresso internacional de ciencias onomásticas. Santiago de Compostela, 20–25 setembro 1999*. Red. Ana Isabel Boullón Agrelo. A Coruña 2002 (CD-rom). *Namn och bygd* 92, s. 141–145.
- . Underhaldande bok frå Lomheim. [Melding av] Sylfest Lomheim: *Ord om ord. Frå Amerika til Åmot*. Oslo 2004. *Nytt om namn* 40, s. 38–39.
- Hoel, Kåre †. *Bustadnavn i Østfold 5. Rygge og Moss*. Utgitt av Seksjon for navnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo ved Tom Schmidt. Oslo. 468 s.
- . *Magesten. Seksjon for navnegransking. Årsmelding 2003*, s. 35–41.
- Holsbøvåg, Kåre Magne. Dvergane spela munnharpe. *Nytt om namn* 40, s. 30–31.

- . *Kalfaret. Nytt om namn* 40, s. 33–35.
- Johannessen, Ole-Jørgen. Anne og Maren, Ingeborg og Berit. Bergenske kvinnenavn på 1600-tallet i et sammenliknende perspektiv. *Nordica Bergensia* 30, s. 155–173.
- (red.). *Nordica Bergensia* 30. *Temannummer i onomastikk*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen. 300 s.
- Korslund, Frode. Bygdenavnet Åseral. *Maal og Minne* 2/2004, s. 161–166.
- . Gårdsnavnet *Skôðin*. *Namn og Nemne* 20/21, s. 23–30.
- Krog, Rønnaug Wergeland. Noen tanker om stedsnavn i bygdebøker. *Nytt om namn* 39, s. 35–37.
- Kruken, Kristoffer. Fornamnet *Jarman* i Noreg. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 43–47.
- (red.). *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*. Oslo: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 78 s.
- (utgj.). *Sophus Bugges brev I–III*. Øvre Ervik: Alvheim & Eide. 1090 s.
- Larsen, Helge Albrecht. Om stedsnavn med *harp* (*harpe*) som første sammensetningsledd. *Nytt om namn* 39, s. 53–56.
- Lauvstad, Hanne. Skiltguide fra Oslo Byes Vel. [Melding av] *Selskabet for Oslo Byes Vel. Skiltguide. Kulturhistoriske skilt i Oslo. Katalog. Supplerende tekster. Registre og kart*. Red. Jan Sigurd Østberg. Oslo 2001. *Nytt om namn* 40, s. 42–44.
- Lund, Ivar. Bosettingsnavn i Aremark. I: *Aremark. Bygd i grenseland*. Red. Roger Prang. Halden, s. 483–492.
- Mundal, Else. Nomen est omen. Umgang und Spiel mit Namen in der alt-nordischen Skaldendichtung. I: *Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht*. Red. Astrid van Nahl, Lennart Elmevik og Stefan Brink. (Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 44.) Berlin – New York, s. 565–576.
- Myrvang, Finn. Gardsnamnet Ånstad. *Håløygminne* 21, s. 441–444.
- Myrvoll, Klaus Johan. *Skjøttøya*. *Namn og Nemne* 20/21, s. 53–62.
- Nedrelid, Gudlaug og Tom Schmidt. Nordisk namnforskning 2003. Litteraturkrönika. Norge. *Namn och bygd* 92, s. 117–121.
- Nes, Oddvar. [Melding av] *Svenskt ortnamnslexikon*. Red. Mats Wahlberg. Uppsala 2003. *Namn og Nemne* 20/21, s. 142.
- Nicolaisen, W. F. H. Berit Sandnes: *Fra Staraffjell til Starling Hill: Danelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Doktordisputas ved NTNU – Trondheim, 3. mai 2003. 1. opponent. *Namn og Nemne* 20/21, s. 37–40.

- Nyman, Eva. [Melding av] Inge Særheim: *Frå Feisteinen til Napen. Stadnamn i Rogaland*. Stavanger 2002. *Namn och bygd* 92, s. 190–192.
- Nyström, Staffan. [Melding av] *Å kallast med sitt rette namn. Person- og stadnamn i lokalhistoria*. Red. Knut Sprauten. Oslo 2002. *Studia anthroponymica Scandinavica* 22, s. 184–186.
- Oustbey, Eva Midthassel. Forbindelse mellom Hallandgårder og Husebygårder på Sørvestlandet. *Agder historielag. Årsskrift* 80, s. 137–142.
- Perstølen, Ola †. Namn på og rundt garden Perstølen – stadnamn som kulturminne. *Dølaminne. Årbok for Hallingdal* 36, s. 125–139.
- Pettersen, Egil. Noen navn på godtemplarlosjer. *Namn og Nemne* 20/21, s. 129–136.
- Pokoly, Bela. On the history of naming the North Sea. *Nytt om namn* 39, s. 47–53.
- Rautio Helander, Kaisa. Muhtin fuomášumit báikenamaid njálmmálaš ja čálalaš anus Norgga beale davimus Sámis. [Nokre åtgåingar av den munnlege og skriftlege bruken av stadnamn i det nordsamiske området i Noreg.] I: *Samiske landskapsstudier. Rapport fra et arbeidsseminar. (Diedut 5.)* Red. Lars Magne Andreassen. Guovdageaidnu/Kautokeino, s. 72–86.
- . Norgga báikenammapolitihkka ja sámi ássannamat Finnmárkkus. [Handsaminga av samiske bustadnamn i Finnmark i den offisielle norske stadnamnpolitikken.] I: *Juho-Niillasa 70-jagi beaivái. (Sámi diedalaš áigečála 1.)* Red. Inger Marie Gaup Eira, Johanna Ijäs og Ole Henrik Magga. Guovdageaidnu/Kautokeino, s. 132–157.
- . Treatment of Saami settlement names in Finnmark in official Norwegian place name policy. I: *Landscape, Law and Customary Rights. (Diedut 3.)* Red. Michael Jones og Audhild Schanche. Guovdageaidnu/Kautokeino, s. 102–121.
- Reisæter, Guro. Kreative kompromiss på fargerik bakgrunn. Namn i ein tospråklig kontekst. *Studia anthroponymica Scandinavica* 22, s. 105–135.
- Sandnes, Berit. *Fra Starafjell til Starling Hill: Dannelse og utvikling av norrøne stedsnavn på Orknøyene*. Doktordisputas ved NTNU – Trondheim, 3. mai 2003. Innledning + Svar fra doktoranden. *Namn og Nemne* 20/21, s. 31–37 + 45–52.
- . Kan man hete Bjiearne til fornavn? *Mål & Mæle* 1/2004, s. 7–13.
- . Personnavn i kontakt i de skandinaviske vikingtidskoloniene. *Studia anthroponymica Scandinavica* 22, s. 43–58.
- Schmidt, Tom. *Bustebakke. Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 49–58.

- . *Myren og Rørvik*. Bestemt og ubestemt oppslagsform i den norske 1886-matrikkelen. *Namn och bygd* 92, s. 49–80.
- . [Melding av] *Svenskt ortnamnslexikon*. Red. Mats Wahlberg. Uppsala 2003. *Namn och bygd* 92, s. 186–190.
- Sletten, Dag. Grunnord i stadnamn frå gamle grenseforretningar i tidlegare Årstad kommune. *Nordica Bergensia* 30, s. 55–84.
- Stokkevåg, Bernt Helge. Frå *Fjalir* til *Fjordprins*. Namn og nemningar på farty i lokaltrafikk langs kysten. *Nordica Bergensia* 30, s. 85–110.
- Strandberg, Svante. [Melding av] Kjell Venås: *Norske innsjønamn IV. Telemark fylke*. Oslo 2002. *Namn och bygd* 92, s. 193–196.
- Særheim, Inge. Our Oldest Settlement Names. I: *Namenwelten. Orts- und Personennamen in historischer Sicht*. Red. Astrid van Nahl, Lennart Elmevik og Stefan Brink. (Ergänzungsbände zum Reallexikon der Germanischen Altertumskunde 44.) Berlin – New York, s. 318–332.
- . Person- og stadnamn. I: *Handbok i norrøn filologi*. Red. Odd Einar Haugen. Bergen, s. 337–373.
- . [Melding av] *Svenskt ortnamnslexikon*. Red. Mats Wahlberg. Uppsala 2003. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 2/2004, s. 255–260.
- Ugulen, Jo Rune. Personnamn i Sogn i tida 1560–1626. *Nordica Bergensia* 30, s. 129–154.
- Utne, Ivar. Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv. *Namn og Nemne* 20/21, s. 95–128.
- . Fine gamle etternavn – to år etter. *Nytt om namn* 40, s. 9–13.
- . Ingrid Alexandra – navn for ei dronning. *Genealogen* 1/2004, s. 6–8.
- . Navn eller ikke navn – ord og uvanlige skrivemåter. *Nytt om namn* 39, s. 21–27.
- . Personnavnterminologi. *Nordica Bergensia* 30, s. 219–300.
- . Etternavnsendringar i Nord-Noreg frå 1996 til 2000. [Melding av] Trine Sand Bakken: *Fra Hansen til Figenschau. En undersøkelse av etternavnsendringer i Nord-Norge fra 1996 til 2000*. Hovedoppgave i nordisk språk. Universitetet i Tromsø. Våren 2002. *Nytt om namn* 40, s. 52–55.
- Veka, Olav. Festskrift til Eva Brylla. [Melding av] *Namn. Hyllningsskrift till Eva Brylla den 1 mars 2004*. Red. Svante Strandberg, Mats Wahlberg og Björn Heinrich. Uppsala 2004. *Nytt om namn* 40, s. 36–37.
- . Namn i tal. [Melding av] Gulbrand Alhaug: *Fornamn i Noreg frå 1900 til 1975 – med vekt på endringar i namnemønsteret*. Oslo 2004. *Nytt om namn* 40, s. 44–46.

- Vikør, Lars S. Bustadnamn i Rygge og på Moss. [Melding av] Kåre Hoel: *Bustadnavn i Østfold 5. Rygge og Moss*. Utgj. av Tom Schmidt. Oslo 2004. *Nytt om namn* 39, s. 59–60.
- Vinjum, Erlend. *Aurland. Stadnamn og kulturhistorie*. [Aurland]. 316 s.
- Vistdal, Oskar. [Melding av] Kjell Venås: *Norske innsjønamn IV. Telemark fylke*. Oslo 2002. *Norsk lingvistisk tidsskrift* 1/2004, s. 115–125.
- Wetås, Åse. Kva er tydinga av namnet *Oslo*? Ein enket blant åtte granskarar i Noreg og Sverige. *Maal og Minne* 2/2004, s. 129–147.
- . Namnegranskingsfaget og kvalitetsreforma. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 59–69.
- Windt, Benedicta. Navnerenessansen i litteraturen – med hovedvekt på Sigrid Undset. *Seksjon for namnegransking. Årsmelding 2003*, s. 71–78.

2003 – tillegg

- Hallaråker, Peter. *Stadnamnarkivet og stadnamndatabasen for Møre og Romsdal*. Forskningsrapport 54. Høgskulen i Volda og Møreforsking. Volda. 175 s.

2002 – tillegg

- Hallaråker, Peter. Gardsnamnet og slektsnamnet Hallaråker i Bømlo. *Bømlo-Nytt* 17. juli 2002.